- Felles synleggjering av og informasjon om trenæringa i regionen kan vere aktuelt. Nyttig både for kundar/ forbrukarar som ønskjer lokale produkt, og for at næringsaktørar lettare kan finne informasjon om andre aktørar med tanke på moglege samarbeidsprosjekt.
- Betre informasjon om arbeidsmoglegheiter innan trenæringa overfor rådgjevarar og skuleelevar – er det noko prosjektet kan jobbe med? Jobbe for auka interesse og status for desse faga.
- «Lobbyverksemd» for å fremme bruk av tre og lokale leverandørar/ aktørar.
- Det blei nemnd ønskje om eit felles tiltak for å løyse krava til HMS, dokumentasjon, søknader etc. Dette er nok ikkje noko prosjektet kan løyse konkret, men her bør det vere moglegheit for aktørar som kan tilby desse tenestene lokalt til fleire aktørar.

## 2.3. «Tredagen i Setesdal»

Det blei beslutta å jobbe vidare med ein konferanse der målet primært er å inspirere og bevisstgjere aktuelle aktørar frå næringa og kommunane (trenæringa, utbyggjarar, bestillarar, politikarar, administrasjon, rådgjevarar på skulane ...).

Dette er det tiltaket dei 11 verksemdene som har svart på spørjeundersøkinga er mest positive til, og dei seier at ein slik fagdag/ tredag er:

- 6 stk svært interessant
- 5 stk litt interessant
- 0 stk ikkje interessant

Tid og plass bør luftast med nokre av dei aktuelle aktørane, men som eit utgangspunkt blei nemnd januar på Rysstad. Aktuelle tema som blei nemnd:

- Arkitekt med «pondus» og kompetanse som kan inspirere og informere om trebyggeri, moglegheiter og «renessansen» for tre som byggjemateriale. Gjerne Reinhard Kropf frå Helen & Hard.
- Kort info frå «Tredriveren i Agder» Kristin Vedum.
- Ordførar Bengt Hallvard Odden frå Hjartdal om prosessen med å byggje ny skule i massivtre. Gjerne også den lokale entreprenøren som fekk jobben, utan erfaring med denne type bygg. Alternativt Oddvar Garaas frå Flesberg, ny skule + idrettshall og svømmehall i tre.
- Presentasjon av «Tre på Agder»/ nettverket/ Agder tresenter.
- Korleis kan kommunar bidra til meir bruk av tre? F.eks Venke Moe, plan- og bygningssjef i Kristiansand. Dei har jobba bevisst med dette.
- Tradisjonar – Aadne Sollid + lokal verksemd?
- Heng entreprenørane med i utviklinga med meir bruk av tre? Veidekke om sine treprosjekt?
- Kompetanse/ rekruttering/ utdanning – problemstilling mange er opptatt av. Truleg tema for Agder tresenter. Eventuelt også Magne Asdal frå Sam Eyde?

Ingvild jobbar vidare med planlegging, og held styringsgruppa orientert. Mogleg aktuelt å invitere nokon frå næringa til ein programkomité. Viktig å tenke at ikkje alt skal dreie seg om nytt/ massivtre – men også ta med seg tradisjonane, kulturen og kompetansen som finnes i Setesdal.

## 2.4. Nettside med profilering av tradisjonar og trenæring i Setesdal – «Tre i Setedal»

Det er delte meiningar om eit slikt tiltak. Oppsummert kan ein vel seie at dei fleste ser at ei slik side kan ha nytte og effekt, men ein er skeptiske til oppfølging/ drift og effekt dersom nettsida ikkje inngår i ein større marknadsføringsstrategi.

Så langt har 11 verksemder svart på spørjeundersøking. På spørsmål om dei er interessert i ei felles nettside så svarer dei:

- 2 stk svært interessert
- 7 stk litt interessert
- 2 stk ikkje interessert

Vil verksemda di vere villig til å betale 3 000 kr per år for å oppretthalde/ oppdatere felles nettside?

- 7 stk «ja»
- 4 stk «nei»

Styringsgruppa konkluderte med at Ingvild skal spesifisere meir informasjon om kostnader, innhald, drift, etc. Så vil Rita ta dette opp til vurdering i regionrådet. Ein må eventuelt formalisere avtale med verksemder som skal presenterast.

**2.5. Film med profilering av tradisjonar og trenæring i Setesdal**

Styringsgruppa har ytra skepsis til eit slikt tiltak, med bakgrunn i kostnader og effekt. Verksemdene som er blitt spurt om dei er interessert i å «delta i film for å profilere tradisjonar og trenæring i Setesdal» har svart:

- 4 stk svært interessert
- 2 stk litt interessert
- 5 stk ikkje interessert

Me legg denne ballen «død» no.

**2.6. «Trekafé»/ samlingar**

Det har tidlegare vore foreslått å arrangere uformelle møteplassar for alle som jobbar med tre. Gjerne med utgangspunkt i bedriftsbesøk kombinert med aktuelle tema/ besøkande.

Ein blei samde om at dette kanskje er mest aktuelt å følgje opp som ei fortsetting etter ein stor fagdag/ tredag. Så har Roar kome med eit konkret forslag til samling no i haust:

Frukostmøte hos Smeland der Roald Tønnesen kjem å informerer om lærlingeordninga. Også invitere rådgjevarar på ungdomsskulane?

**3. Justert budsjett**

Me gjekk ikkje gjennom dette på møtet, då det er avhengig av detaljar kring «tredagen» og om ein skal gå for felles nettside eller ikkje.

Sidan det no er konkretisert meir kva tiltak ein skal jobbe vidare med, har Ingvild likevel laga eit forslag til justert budsjett i etterkant av møtet. Her er nettside tatt med, men dette vil vere avhengig av kva regionrådet besluttar.

Meir detaljert budsjett med grunnlag for budsjett og rekneskap ligg vedlagt.

## BUDSJETT OG REKNESKAP "TRE I SETESDAL"

Alle tal inkl. mva

Oppdatert: 23.8.2019

| | Budsjett som i søknad | Forslag justert budsjett | Rekneskap | Rest |
|---|---|---|---|---|
| **Prosjektleiar (inkl. reise)** | 230 000 | 230 000 | 51 775 | 178 225 |
| **Administrasjonskostnader** | 50 000 | 0 | 0 | 0 |
| **Møter/seminar/ konsulent/ reise** | 220 000 | 60 000 | 5 029 | 54 971 |
| **Nettside (utover prosjektleiar)** | | 33 000 | 0 | 33 000 |
| **Konferanse/ tredag (utover prosj.l)** | | 119 500 | 0 | 119 500 |
| **Diverse/ uføresett** | | 57 500 | 0 | 57 500 |
| **SUM** | 500 000 | 500 000 | 56 804 | 443 196 |

Dette er Ingvild sitt forslag. Ikkje stadfesta av styringsgruppa.

**Neste møte?**

Det blei ikkje fastsett dato for nytt møte. Det er truleg aktuelt med eit møte før jul, spesielt med tanke på å lande programmet for tredagen. Me held dialogen per e-post, og innkallar til møte ved behov.

Referat: Ingvild Hovden

UNIVERSITETET I AGDER
FAKULTET FOR HELSE- OG IDRETTSFAG

# Referat fra styringsgruppemøte for distriktsvennlig sykepleie, 22.10.2019

**Til stede:** Gunvor Andresen, Ann Kristin Ravndal, Amalie Stulien Ro, Trond Egil Åkne, Runar Granheim, Per Storetvedt, Hilde Strømme, (Rune Risdal fra IT avdelingen - sak 12) og Anne Opsal
**Meldt forfall:** Atle Slotnes
**Sted:** Universitetet i Agder

Sak 10/19: **Godkjenning av saksliste**
Saksliste godkjent.

Sak 11/19: **Godkjenning av referat fra møtet 03.04.2019**
Referat godkjent.

Sak 12/19: **Streaming av undervisning – v/Rune Risdal representanter fra IT-avdelingen**
I høst har det vært en del utfordringer i forhold til streaming av undervisning. Rune Risdal ved IT-avdelingen mener at problemene skal være løst nå. Konklusjon: Vi følger nøye med på streamingen som gjennstår i høst-semesteret. Dersom det på nytt oppstår problemer må vi ha et eget møte med IT-avdelingen hvor vi finner bedre løsninger. Anne oversender loggen fra høstens sendinger til IT slik at de kan gjennomgå og rette feil.

Sak 13/19: **Gjennomgang av opptak, geografisk fordeling poenggrenser m.v. v/Atle Slotnes**
Atle Slotnes har meldt forfall til møte. Regionene hadde følgende innspill:

- Regionene ønsker hyppigere opptak til distriktsvennlig sykepleie (nå har vi opptak av studenter hvert 3. år).
- Regionene ønsker forutsigbarhet og en langsiktig plan. De ønsker avklaring i forhold til finaniseringsmodell for kommende studentkull. Dersom regionene selv må skaffe finansiering, så er dette en tidkrevende prosess. De har derfor behov for en rask avklaring.
- Lister kompetanse fikk 1 mill kr på stadsbudsjettet for å utvikle nye eller pågående studier i 2019. Samme beløp i 2020.

Sak 14/19: **Nye kommunegrenser, får dette konsekvenser for framtidige studentkull?**
Lindesnes mister to kommuner og ca 2000 innbyggere. Lindesnes mener at ny kommunestruktur ikke vil endre noe i forhold til behovet for å utdanne sykepleiere i distriktet. Spørsmål om hva UiA ønsker å gjøre i forhold til Østre Agder.

Sak 15/19: **Økonomi v/Trond Egil Åknes**
Orientering om nye regler for dekning av reiseutgifter når studentene er i praksis. NB! søknadsfris senest 1 mnd etter avsluttet praksis. Behandlingstid for søknader er ca 1 mnd. Husk å fylle ut skjemaet fullstendig og husk signatur.

Sak 16/19: **Status for kull 2018 v/Anne Opsal**

- Vi har nå 37 aktive studenter.
- Vi startet studiet med en felles oppstartsdag i Lyngdal. Hele distriktskullet var samlet for å bli bedre kjent. Program: sosial aktivitet,

gruppe-etablering, undervisning ved Ingrid Lund om inkludering og arbeid i grupper. Lunsj på Jonas B.

Sak 17/19 **Neste møtedato**

Våren 2020 (Vi må finne en dag som passer i forhold til studentenes timeplan). Regionene ønsker å ha et eget møte med Veslemøy Rabe og Atle Slotnes om planlegging av nytt distriktskull. Anne vil ta initiativ.

Sak 18/19: **Eventuelt**

Eksamenskontoret arbeider med løsninger for å kunne gjenomføre eksamen digitalt i distriktene. De kan ikke love at det blir digital eksamen i høst.

Referent: Anne Opsal
22.10.2019

**Fra:** Stig Marthinsen (sm@south-norway.no)
**Sendt:** 29.10.2019 17:12:35
**Til:** Rita Hansen
**Kopi:** Martine Elise Farstad

**Emne:** Lynkurs for folkevalgte: Eu/EØS på 1-2-3
**Vedlegg:** Foreløpig program - kortversjon.pdf

Hei Rita,

Sørlandets Europakontor, KS Brussel og de øvrige norske europakontorene arrangerer årlig et lynkurs for folkevalgte. Formålet er å gi en rask innføring i EU/EØS og aktuelle problemstillinger som norske regioner og kommuner møter i hverdagen. Kurset går i Brussel, slik at vi får tilgang på de fremste ekspertene.

Neste kurs finner sted den 25-26 mars 2020. I forbindelse med at nye politikere er vel på plass, så vil jeg sette pris på om du kan formidle budskapet om dette kurset i regionen din, slik at de som ønsker å delta kan holde av datoen. Merk at kurset er gratis med unntak av bevertningen (2 x lunsj/ 1 x middag), estimert til kr 1100 pr deltaker.
Jeg har vedlagt en kortversjon av programmet, og et mer detaljert vil følge når foredragsholdere er på plass.

Utover dette så vil jeg sette pris på om Sørlandets Europakontor får lov til å presentere seg for lokale politikere i løpet av vinteren/våren.

Med vennlig hilsen,
Stig

---

**Stig Marthinsen**
Managing Director
Sørlandets Europakontor AS (South Norway European Office)

tel (+47) 400 74 750
e-mail sm@south-norway.no
skype stigmarthinsen

Sørlandets Kunnskapspark
Universitetsveien 19
NO-4630 Kristiansand, Norway

Norway House
Rue Archimède 17, 1st floor
BE-1000 Brussels, Belgium
Tel (+32) (0) 25 11 48 55

DISCLAIMER
This message is intended only for the use of the person(s) ("Intended Recipient") to whom it is addressed. It may contain information, which is privileged and confidential. Accordingly any dissemination, distribution, copying or other use of this message or any of its content by any person other than the Intended Recipient may constitute a breach of civil or criminal law and is strictly prohibited. If you are not the Intended Recipient, please contact the sender as soon as possible and delete the message and all its content.

---

Sørlandets Europakontor
Bindeleddet mellom Agder og Europa

# Foreløpig program: Lynkurs for folkevalgte – EU/EØS på 1-2-3

Brussel, 25-26 mars 2020

## Onsdag 25. mars

12:00 **Lunsj og registrering**
12:30 **Velkommen ved regionkontorene i Brussel**

**EØS – bindeleddet mellom Norge og EU** (12:40-14:20)
12:40 **Innledning ved hovedtaler**
13:00 **EU og Norges forhold til EU**
13:40 **EFTA og EØS-avtalen i møte med EUs nye agenda**
14:20 **Kaffepause**

**Regionenes Europa** (14:40-16:10)
14:40 **EUs by-, region- og utjevningspolitikk – Hva betyr den for oss?**
15:30 **Hvordan blir norske kommuner og regioner påvirket av EU? Hvilke muligheter finnes?**

16:10 **Dagens viktigste – si din mening**
16:25 **Møte/mottakelse med ditt regionskontor** (1 time)
19:30 **Middag**

## Torsdag 26. mars

08:30 **Registrering og kaffe**

**Bærekraftige samfunn** (09:00-10:20)
09:00 **EU som pådriver for bærekraftmålene**
09:40 **European Green deal – Mot verdens første klimanøytrale kontinent**

10:20 **Kaffepause**

**Norge og EUs energiunion (10:40-12:00)**
10:40 **EUs energipolitikk mot 2030**
11:20 **Norske energiselskaper i EUs energimarked**

12:00 **Evaluering**
12:10 **Lunsj**

**Fra:** Ingvild Hovden (post@hovdenkontoret.no)
**Sendt:** 11.10.2019 15:47:46
**Til:** Jon Rolf Næss; Karina Sloth Grindland; Steinar Kyrvestad; Aud Sunniva Fuhr; Aasmund Lauvdal; Sigbjørn Åge Fossdal; Frantz Are Nilsen; Svein Arne Haugen; dagfinn.lauvsland@aseral.kommune.no; inger-lise@eikas.no
**Kopi:** Rita Hansen

**Emne:** TREDAGEN i Setesdal 15. januar
**Vedlegg:**
Hei!

Først må eg få gratulere både «nye og gamle» ordførarar med vervet :).

For Setesdal regionråd jobbar eg med prosjektet «Tre i Setesdal». Me planlegg no ein stor konferanse på Rysstad **onsdag 15. januar**. Eg håpar derfor at de allereie no vil sette av denne dagen i kalenderen.

Me ønskjer ein konferanse der me når ut til trenæringa i Setesdal, frå laftarar og snikkarar til vindusprodusentar og sagbruk. I tillegg vil me nå utbyggjarar, kommunar og politikarar.

På programmet vil me ha arkitekter, utbyggjarar, politikarar og entreprenørar - for å nemne nokon. Me er VELDIG fornøgde med dei to namna me så langt har fått bekrefta:

- Venke Moe, Plan- og bygningssjef i Kristiansand. Tema for henne blir korleis kommunar kan bidra til meir bruk av tre, med døme på konkrete tiltak og vedtak.
- Jørgen Tycho, arkitekt og dagleg leiar i Oslotre AS.

*"Vi har de siste 10 årene jobbet utelukkende med tre som byggemateriale. Oslotre består i dag av arkitekter og ingeniører spesialisert på tre og har bakgrunn fra å både drive massivtrefabrikk i Norge og montasje av større massivtrebygg. Vi har de siste årene tegnet og bygget de fleste bygningstypologier; alt fra skoler, barnehager, kontorbygg, boliger og omsorgsbygg i massivtre."*

Dersom det skulle vere slik at de allereie har noko anna i kalenderen for 15. januar kan de gjerne seie frå, så kan me vurdere om det er aktuelt å prøve å bytte dag.

Program og meir informasjon kjem, men dette var altså eit første varsel så de kan sette av dagen.

God helg!

Vennleg helsing
Ingvild Hovden

Tel: 959 79 856

Hovdenkontoret

**Fra:** Henriksen, Anita (Anita.Henriksen@austagderfk.no)
**Sendt:** 27.09.2019 13:09:14
**Til:** Garthe, Sigrid Hellerdal; Sigridnes, John Salve; Kjell Langenes; Maj-Kristin Nygård; nina.nissestad@kvinesdal.kommune.no; Henri Tore Viki; Rita Hansen; Kjelle, Trude Beate; Birnbrich, Manuel
**Kopi:**

**Emne:** Handlingsprogram for Regionplan Agder 2030
**Vedlegg:** Vedlegg 2_Regionplan Agder 2030_nytt forslag til endelig plan_fellesnemnda200919.PDF;V2_Oppsummering innspill fra høringen.pdf

**Hei alle sammen!**

Tusen takk for at dere har sagt ja til å bli med på å lage handlingsprogram for Regionplan Agder 2030!

| Deltaker | Kommune | Region |
|---|---|---|
| Sigrid Hellerdal Garthe | Risør kommune | Østre Agder |
| Jon Salve Sigridnes | Åmli kommune | Østre Agder |
| Kjell Sverre Langenes | Kristiansand kommune | Kristiansand |
| Maj-Kristin Nygård | Lillesand kommune | Kristiansand |
| Nina Nissestad | Kvinesdal kommune | Lister |
| Henri Tore Viki | Valle kommune | Setesdal |
| Rita Hansen | Setesdal regionråd | Setesdal |
| Trude Kjelle | Aust-Agder fylkeskommune | Agder fk |
| Anita Henriksen | Aust-Agder fylkeskommune | Agder fk |
| Manuel Birnbrich | Vest-Agder fylkeskommune | Agder fk |

Vi har sammen ansvar for å få frem et forslag til handlingsprogram for oppfølging av Regionplan Agder 2030. Det viktigste vi skal gjøre er å legge til rette for en god prosess slik at sentrale samfunnsaktører på Agder aktivt ønsker å følge opp regionplanen og samarbeide om å nå felles mål.

Vi må finne noen møtedatoer for høsten og jeg har lagt inn flere alternativer i denne doodle'en:
https://doodle.com/poll/zx9dfduv92xnhske
Svarfrist: 4. oktober.

Jeg håper dere har mulighet til å prioritere et møte så raskt som mulig etter høstferien. I det første møtet blir vi enige om videre møtestruktur og hvordan vi skal rigge prosessen. Vi kan si mer om arbeidsomfang etter dette møtet.

**Om regionplanen og handlingsprogrammet**
Regionplanen skal vedtas i fylkestingene 22. oktober, og arbeidet med handlingsprogrammet starter som sagt denne høsten. Hovedmålet i Regionplan Agder 2030 er å utvikle Agder til en miljømessig, sosial og økonomisk bærekraftig region i 2030 – et attraktivt lavutslippssamfunn med gode levekår. Handlingsprogrammet skal konkretisere hva som må gjøres for å følge opp Regionplan Agder 2030. Sentralt for vårt arbeid er å finne ut hva kommuner, fylkeskommune, regional stat og andre samfunnsaktører ønsker å bidra med i perioden 2020-2023. Ambisjonen er at vi har et utkast klart til slutten av januar og at handlingsprogrammet kan vedtas av det nye fylkestinget i april.

Noen viktige dokumenter:
- Revidert forslag Regionplan Agder 2030 (endelig behandling i fylkestingene 22.10.2019): vedlagt
- Oppsummering av høringsinnspill til Regionplan Agder 2030: vedlagt
- PWC evaluering av Regionplan Agder 2020: http://regionplanagder.no/media/7380437/Rapport-Evaluering-av-Regionplan-Agder-2020_endelig-27052019.pdf

Jeg gleder meg til en spennende og viktig prosess!

Vennlig hilsen
**Anita Henriksen**
Seksjonsleder – og i denne sammenheng påtroppende fylkesdirektør for Regionplan 2030

**Fylkesrådmannens kontor**
Plan- og naturseksjonen

Telefon: 37 01 73 11
E-post: anita.henriksen@austagderfk.no
Innbyggerportalen: www.austagderfk.no

AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE

SØR LAN DET Der du får overskudd til å skape

Bykle kommune
Bykle ser langt

SETESDAL REGIONRÅD

4747 VALLE

| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
|---|---|---|
| 2017/1418-23 | Signe Sollien Haugå<br>Signe.Sollien.Hauga@bykle.kommune.no | 17.10.2019 |

## Melding om vedtak

Deltaking i Setesdal interkommunale politiske råd - Åseral kommune

Saka vart handsama av kommunestyret 25.09.2019, sak PS 167/19
Kommunedirektørens tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

*Kommunestyret i Bykle godkjenner endra samarbeidsavtale og vedlegg til samarbeidsavtale i samband med at Åseral kommune søkjar om medlemskap i Setesdal Regionråd. Åseral kommune blir godkjent som ny medlemskommune frå 1. september 2019. Regionrådet har ymse pågåande prosjekt og satsingsområde, samt ledige midlar for mellom anna tidlegare års overskott. Åseral kommune går inn med eit innskott på kr. 1 500 000,- , og vart dermed inkludera i ovanstående.*

Med helsing
Bykle kommune

Signe Sollien Haugå
Plansjef

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.

| | |
|---|---|
| EVJE OG HORNNES KOMMUNE | Kasernevegen 19 |
| BYGLAND KOMMUNE | Sentrum 18 |
| VALLE KOMMUNE SKULEADMINISTRASJON | Postboks 4 |
| ÅSERAL KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON | Rådhuset |



Rådhuset Sarvsvegen 14 | T 37 93 85 00 | Bank: 2835 20 00266 | Kommunenr. 0941 | www.bykle.kommune.no
4754 Bykle | E postmottak@bykle.kommune.no | Skatt: 6345 06 09414 | Org. nr. 958 814 968

| | |
|---|---|
| Saksmappe: | 2017/1418 |
| Sakshandsamar: | SHA |
| Dato: | 12.09.2019 |

# SAKSFRAMLEGG

| Utv.saksnr | Utvalg | Møtedato |
|---|---|---|
| | Kommunestyre | |

## Deltaking i Setesdal interkommunale politiske råd - Åseral kommune

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Kommunestyret i Bykle godkjenner endra samarbeidsavtale og vedlegg til samarbeidsavtale i samband med at Åseral kommune søkjar om medlemskap i Setesdal Regionråd.
Åseral kommune blir godkjent som ny medlemskommune frå 1. september 2019.

Regionrådet har ymse pågåande prosjekt og satsingsområde, samt ledige midlar for mellom anna tidlegare års overskott. Åseral kommune går inn med eit innskott på kr. 1 500 000,- , og vart dermed inkludera i ovanstående.

**Bakgrunn for saka**
Åseral kommune søker om medlemskap i Setesdal Regionråd. Representantskapet i Setesdal Regionråd handsama 26. august 2019 saka og gjorde samrøystes vedtak slik:
Forslag til samarbeidsavtale og vedlegg til samarbeidsavtale i samband med at Åseral kommune søkjar om medlemskap i Setesdal regionråd vert godkjend under føresetnad av at kommunestyra i medlemskommunane slutter seg til dette.

> *Under føresetnad av godkjenning i kommunestyra, vart Åseral kommune ny medlemskommune frå 1. september 2019.*
>
> *Regionrådet har ymse pågåande prosjekt og satsingsområde, samt ledige midlar for mellom anna tidlegare års overskott. Dagleg leiar foreslår at Åseral kommune går inn med eit innskott på kr. 1 500 000,- , og vart dermed inkludera i ovanstående.*

**Formelt grunnlag**
- Lov om kommunar og fylkeskommunar 2018-06-22-83 (kommunelova).
- Setesdal regionråd - sak 9/19; *Søknad om deltaking Åseral kommune*, Setesdal Regionråd – Representantskapet, 26.08.19.
- Merknader til ordlyd i framlegg til endra vedtekter/samarbeidsavtale framgår i eiga sak, og blir såleis ikkje kommentert vidare i denne.

**Vurderingar/konsekvensar**
I kommunestyremøte i Åseral 20. juni 2019 vart det vedteke å søkje medlemskap i Setesdal Regionråd frå 1. august 2019.



Rådhuset Sarvsvegen 14
4754 Bykle | T 37 93 85 00
E postmottak@bykle.kommune.no | Bank: 2835 20 00266
Skatt: 6345 06 09414 | Kommunenr. 0941
Org. nr. 958 814 968 | www.bykle.kommune.no

I samband med ny kommunelov blei ny samarbeidsavtale for Setesdal interkommunalt politisk råd handsama i representantskapsmøte 19. juni 2019. Representantskapet vedtok at ny samarbeidsavtale vert lagt fram for kommunestyra for handsaming. Samarbeidsavtalen som no er utarbeidd i samband med Åseral sin søknad om medlemskap er identisk med den.

Einaste skilnaden er at Åseral kommune er tatt med som deltakarkommune i overskrifta og i § 1.

I samband med utviding av rådet frå 4 til 5 deltakarkommunar vil det være naturleg å følge opp med ei strategisamling med nytt styre etter kommunevalet.

Når det gjeld økonomi, er Åseral sitt årlege innskott lik dei andre deltakarkommunane. For 2019 bereknast beløpet ut frå medlemskap frå 1. september 2019, under føresetnad av godkjenning i kommunestyra.

**Konklusjon:**
Kommunedirektøren vurderer at utviding med Åseral kommune truleg vil ha konsekvensar for både det interkommunale politiske rådet og fleire av dei andre interkommunale samarbeid i Setesdal.

På den eine sida vil større «kjøttvekt» og fleire kommunar med liknande utfordringar og særtrekk kunne stå saman i høve påverking i regionalpolitikken i Agder. Fleire deltakarar å fordele felles driftskostnader på basistenester – t.d. drift av IKT, kan bli ei oppside dersom Åseral og går inn i Setesdal IKT med sine tenestekjøp.  Interkommunale tenester og samarbeid som blir drive etter meir sjølvkost-prinsipp vil ha avgrensa nytte/ulempe av utvidinga, slik kommunedirektøren ser det. Generelt ser ein avgrensa «effektiviseringspotensial» med dei avstandsulempene ein faktisk har dersom det er snakk om tenester som skal ytast til innbyggjarar, ref. røynsler med kurative helsetenester. Innafor ev «avstandsuavhengige» tenester – digitale / økonomiske og merkantile / administrative støttefunksjonar kan det vere noko innsparingspotensial.

På den andre sida ser ein at den geografiske utstrekkinga og avstandane i samarbeidet kan gi nye utfordringar, med at tyngdepunktet flyttar seg sørover og lengre vekk frå Bykle. Kommunedirektøren er uroleg for om ein ev ny runde med kommunesamanslåing som noe venteleg og vil omfatte Åseral vil understøtte at administrasjonssenteret bli lagt nedst i dalen.

**Oppsummering**
Kommunedirektøren saknar ein grundig drøfting i framkant av denne saka, der ein hadde belyst strategisk føremål/ fundament for utvidinga, og kva mål ein har satt seg for det nye samarbeidet, for fellesskapen og for dei ulike deltakarane / kommunane.

Kommunedirektøren stør under tvil at Åseral kommune blir medlem av Setesdal Regionråd frå 1. september 2019.

Under føresetnad av at kommunetyret sluttar seg til inntredinga til Åseral, stør ein også at Åseral går inn med eit innskott på kr. 1 500 000,- for å bli likestilt med dei andre medlemskommunane.

Bykle,

Kommunedirektør



Rådhuset Sarvsvegen 14 | **T** 37 93 85 00 | Bank: 2835 20 00266 | Kommunenr. 0941 | **www.bykle.kommune.no**
4754 Bykle | **E** postmottak@bykle.kommune.no | Skatt: 6345 06 09414 | Org. nr. 958 814 968

SETESDAL REGIONRÅD

4747 VALLE

| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
| --- | --- | --- |
| 2017/1156-23 026 | Gunn Marith Homme gunn.marith.homme@valle.kommune.no | 11.10.2019 |

**MELDING OM VEDTAK: SØKNAD OM DELTAKING I SETESDAL REGIONRÅD - ÅSERAL KOMMUNE**

**Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.09.2019**

**Handsaming:**
Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

**Vedtak:**
Kommunestyret i Valle godkjenner vedlagte samarbeidsavtale og vedlegg til samarbeidsavtale i samband med at Åseral kommune søkjer om medlemskap i Setesdal Regionråd.
Åseral kommune vart ny medlemskommune frå 1. september 2019.
Regionrådet har ymse pågåande prosjekt og satsingsområde, samt ledige midlar for mellom anna tidlegare års overskott. Åseral kommune går inn med eit innskott på kr. 1 500 000,- , og vart dermed inkludera i ovanstående.

Med helsing
Valle kommune

Gunn Marith Homme
Leiar Velkomstsenteret

*Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.*

Kopi til:

| | | | |
| --- | --- | --- | --- |
| BYKLE KOMMUNE | Sarvsvegen 14 | 4754 | BYKLE |
| BYGLAND KOMMUNE | Sentrum 18 | 4745 | BYGLAND |
| EVJE OG HORNNES KOMMUNE | Kasernevegen 19 | 4735 | EVJE |

SETESDAL REGIONRÅD

4747 VALLE

| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
|---|---|---|
| 2018/57-11 | Jorunn Sørlie Tveiten<br>jorunn.tveiten@bygland.kommune.no | 17.10.2019 |

# MELDING OM VEDTAK

## Melding om vedtak: Søknad frå Åseral kommune om deltaking i Setesdal regionråd

Nedanfor finn de vedtaket frå kommunestyremøtet i Bygland den 16.10.2019.

Med helsing
Bygland kommune

Jorunn Sørlie Tveiten
Arkivleiar



Kommunehuset
4745 Bygland
T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no
Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397
www.bygland.kommune.no

Saksmappe: 2018/57
Sakshandsamar: AAL
Dato: 28.08.2019

# SAKSFRAMLEGG

| Utv.saksnr | Utvalg | Møtedato |
|---|---|---|
| 82/19 | Kommunestyret | 16.10.2019 |

## Søknad frå Åseral kommune om deltaking i Setesdal regionråd

### Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.10.2019

**Handsaming:**
Runar Granheim spurde kommunestyret om han var inhabil i saka av di han er tilsett i Setesdal Regionråd.

Framlegg frå Signe Berit Sollien Haugå :
Runar Granheim er å sjå på som inhabil i saka.

Framlegg frå Eli Tomine Moe:
Runar  Granheim er å sjå på som gild i saka.

Ved alternativ røysting mellom framlegg frå Eli Tomine Moe og Signe Berit Sollien Haugå vart Eli Tomine Moe sitt framlegg vedteke med 10 mot 4 røyster. Runar Granheim er å sjå på som gild i saka. Han deltok ikkje under avrøystinga.

Kommunestyret sluttar seg samrøystes til innstillinga frå rådmannen

**Vedtak:**
Kommunestyret i Bygland godkjenner endra samarbeidsavtale og vedlegg til samarbeidsavtale i samband med at Åseral kommune søkjar om medlemskap i Setesdal Regionråd. Åseral kommune blir godkjent som ny medlemskommune frå 1. september 2019.

Regionrådet har ymse pågåande prosjekt og satsingsområde, samt ledige midlar for mellom anna tidlegare års overskott. Åseral kommune går inn med eit innskott på kr. 1 500 000,- , og vart dermed inkludera i ovanståande.

**Rådmannen si innstilling:**
Kommunestyret i Bygland godkjenner endra samarbeidsavtale og vedlegg til samarbeidsavtale i samband med at Åseral kommune søkjar om medlemskap i Setesdal Regionråd. Åseral kommune blir godkjent som ny medlemskommune frå 1. september 2019.



Kommunehuset
4745 Bygland
T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no
Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397
www.bygland.kommune.no

Regionrådet har ymse pågåande prosjekt og satsingsområde, samt ledige midlar for mellom anna tidlegare års overskott. Åseral kommune går inn med eit innskott på kr. 1 500 000,- , og vart dermed inkludera i ovanstående.

### SAKSUTGREIING

### Bakgrunn for saka

Åseral kommune søker om medlemskap i Setesdal Regionråd. Representantskapet i Setesdal Regionråd handsama 26. august 2019 saka og gjorde samrøystes vedtak slik: Forslag til samarbeidsavtale og vedlegg til samarbeidsavtale i samband med at Åseral kommune søkjar om medlemskap i Setesdal regionråd vert godkjend under føresetnad av at kommunestyra i medlemskommunane slutter seg til dette.

> *Under føresetnad av godkjenning i kommunestyra, vart Åseral kommune ny medlemskommune frå 1. september 2019.*
>
> *Regionrådet har ymse pågåande prosjekt og satsingsområde, samt ledige midlar for mellom anna tidlegare års overskott. Dagleg leiar foreslår at Åseral kommune går inn med eit innskott på kr. 1 500 000,- , og vart dermed inkludera i ovanstående.*

I kommunestyremøte i Åseral 20. juni 2019 vart det vedteke å søkje medlemskap i Setesdal Regionråd frå 1. august 2019. I samband med ny kommunelov blei ny samarbeidsavtale for Setesdal interkommunalt politisk råd handsama i representantskapsmøte 19. juni 2019. Representantskapet vedtok at ny samarbeidsavtale vert lagt fram for kommunestyra for handsaming. Samarbeidsavtalen som no er utarbeidd i samband med Åseral sin søknad om medlemskap er identisk med den.

Einaste skilnaden er at Åseral kommune er tatt med som deltakarkommune i overskrifta og i § 1.

I samband med utviding av rådet frå 4 til 5 deltakarkommunar vil det være naturleg å følge opp med ei strategisamling med nytt styre etter kommunevalet.

Når det gjeld økonomi, er Åseral sitt årlege innskott lik dei andre deltakarkommunane. For 2019 bereknast beløpet ut frå medlemskap frå 1. september 2019, under føresetnad av godkjenning i kommunestyra.

### Formelt grunnlag

- Lov om kommuner og fylkeskommuner 2018-06-22-83 (kommunelova).



Kommunehuset | T 37 93 47 00 | Bank: 2898 07 00013 | Kommunenr. 0938 | www.bygland.kommune.no
4745 Bygland | E post@bygland.kommune.no | Skatt: 6345 06 09384 | Org. nr. 964 966 397

- Setesdal regionråd - sak 9/19; *Søknad om deltaking Åseral kommune*, Setesdal Regionråd – Representantskapet, 26.08.19.
- Merknader til ordlyd i framlegg til endra vedtekter/samarbeidsavtale framgår i eiga sak, og blir såleis ikkje kommentert vidare i denne.

**Vurderingar og konsekvensar**
Rådmannen meiner at ei utviding med Åseral kommune truleg vil ha konsekvensar for både det interkommunale politiske rådet og fleire av dei andre interkommunale samarbeid i Setesdal.

På den eine sida vil større «kjøttvekt» og fleire kommunar med liknande utfordringar og særtrekk kunne stå saman i høve påverking i regionalpolitikken i Agder. Fleire deltakarar å fordele felles driftskostnader på basistenester – t.d. drift av IKT, kan bli ei oppside dersom Åseral og går inn i Setesdal IKT med sine tenestekjøp. Dette kan og vere aktuelt på fleire andre områder LMT, legevakt m.m.
Interkommunale tenester og samarbeid som blir drive etter meir sjølvkost-prinsipp vil ha avgrensa nytte/ulempe av utvidinga, slik rådmannen ser det. Generelt ser ein eit avgrensa «effektiviseringspotensial» med dei avstandsulempene ein faktisk har dersom det er snakk om tenester som skal ytast til innbyggjarar, ref. røynsler med kurative helsetenester. Innafor ev «avstandsuavhengige» tenester – digitale / økonomiske og merkantile / administrative støttefunksjonar kan det vere noko innsparingspotensial.

På den andre sida ser ein at den geografiske utstrekkinga og avstandane i samarbeidet kan gi nye utfordringar, med at tyngdepunktet flyttar seg sørover og Bygland kommune vert eit geografisk midtpunkt i regionen.

Rådmannen er positiv til at Åseral kommune har gjort eit strategisk val og valt å gå inn i Setesdal regionråd. Det vil styrke regionen på sikt og vil åpne for nye samarbeid framover. Rådmannen vil tilrå at kommunestyret sluttar seg til framlegget om at Åseral kommune blir medlem av Setesdal Regionråd frå 1. september 2019.

Under føresetnad av at kommunetyret sluttar seg til inntredinga til Åseral, stør ein også at Åseral går inn med eit innskott på kr. 1 500 000,- for å bli likestilt med dei andre medlemskommunane.

Bygland, **28.08.2019**

Rådmann



Kommunehuset | T 37 93 47 00 | Bank: 2898 07 00013 | Kommunenr. 0938 | www.bygland.kommune.no
4745 Bygland | E post@bygland.kommune.no | Skatt: 6345 06 09384 | Org. nr. 964 966 397

**Vedlegg:**

1 Protokoll frå møte i representantskapet 26 08 19
2 Avtaler ifm Åseral kommune



Kommunehuset
4745 Bygland
T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no
Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397
www.bygland.kommune.no

**PS 72/19 Delegerte saker**

Setesdal Regionråd

HAUGSEN DRIFT AS
Svartevegen 3
4735 EVJE
E-post:else@dolenhotel.no

Setesdalsamarbeid
Bykle, Valle, Bygland,
Evje og Hornnes

| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
| --- | --- | --- |
| 2016/28-27 | runar.granheim@setesdal.no | 26.09.2019 |

Delegasjonssaknr.: 19/19

# Tilsagn om støtte til lærling

Vi syner til søknad datera 24.09.2019, med vedlagt kontrakt mellom verksemda og lærlingen, samt til støtteordninga vedrørande lærlingar, som vart vedteke vidareført i styremøte i Setesdal regionråd 06.02.2019. Midlene hentast frå fond avsett til dette formålet, så langt det er dekning for midlene i dette fondet.

**Administrativt vedtak:**

I medhald av delegert fullmakt løyver dagleg leiar **25.000**,- til Dølen Hotell (ved Haugsen A/S).
Vi har motteke signert kontrakt med lærlingen. Ver merksam på at de må be om utbetaling innan eitt år (12 mnd) etter at de motteke dette vedtaket.

Støtta hentast frå fond øyremerka denne lærlingeordninga.

Ver grei å oppgje kontonummer for utbetaling.
Med helsing
Setesdal regionråd

Rita Hansen
dagleg leiar

Runar Granheim
rådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.*

**Klageadgang:**
De har høve til å klage på vedtaket. Klaga må sendast dagleg leiar i fondet innan 3 veker etter mottakinga av dette brevet. Klaga skal sendast Setesdal regionråd, Pb 4, 4747 Valle. Det må gå fram av klaga kva del av vedtaket de ynskjer å endre og kva for grunngjeving de har for klaga.

**Stadfesting av mottaking av løyving – ev utfyllande opplysingar:**
Vi gjer merksam på at vi rapporterar alle løyvingane frå regionalt næringsfond til Kommunal og regionaldepartementet og at det difor er viktig at du som mottakar gir ev. tilleggsopplysingar som trengst i høve EØS-regelverket, sjå nedanfor.

EØS-reglar for offentleg støtte og løyvingar frå regionalt næringsfond
Løyvinga er i høve reglar om bagatellmessig støtte, jf Kommisjonsforordning (EF) nr 1998/2006 av 15.des 2006 om bruk av EF-traktaten sin artikkel 87 og 88, publisert i EU Tidende 28.12.2006 nr L379. I følgje desse reglane kan støttemottakar / verksemd ikkje motta meir enn til saman 200 000 Euro over eit tidsrom på 3 rekneskapsår frå samlege støttekjelder. Tilbodet om løyving føreset at ei ikkje kjem i konflikt med denne regelen.

Verksemd eller støttemottakar er ansvarleg for at alle offentlege subsidier eller tilskott ikkje overstig 200 000 Euro (for tida ca 1,5- 1,6 mill NOK – avhengig av kronekursen) til saman i løpet av dei siste tre rekneskapsåra. Som støttemottakar må du sende skrifteleg eller elektronisk stadfesting på at det ikkje er motteke tilbod om annan bagatellmessig støtte i inneverande og de to føregåande rekneskapsåra – eller oppgie motteken støtte (beløp, støttekjelde, tidspunkt for tilbod). Ved eventuelle nye søknader om offentleg støtte (uansett støttekjelde) har støttemottakar plikt til å opplyse om tidlegare tilskott dei 3 siste rekneskapsår frå tilbodstidspunkt.

**Svar på tilbod om løyving - frist:**
Vi syner til tilsagnet om løyving med vilkår og reglane som er referert til EØS-regleverket. Vi ber om tilbakemelding og stadfesting på om du tek imot løyvinga – samt ev. opplysingar om støtte siste 3 år jf. EØS-regelverket.

Svar utbes innan ein månad får dato. Du kan svare elektronisk eller pr post.

HOVDEN FJELLSTOGE AS
Postboks 73
4756 HOVDEN I SETESDAL
E-post: post@hovdenfjellstoge.no



| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
|---|---|---|
| 2019/40-2 | runar.granheim@setesdal.no | 23.09.2019 |

Delegasjonssaknr.: 18/19

# Svar på søknad om støtte til lærlingearrangement

Vi syner til søknad datera 03.09.2019, om støtte til eit arrangement for lærlingar. Arrangementet gjeng ut på å arrangere eit viltkurs for lærlingar, i samarbeid med Opplæringskontoret i Agder og Fjellgarden Hovden. Det er venta rundt 20 lærlingar på dette kurse.

**Administrativt vedtak:**

I medhald av delegert fullmakt løyver dagleg leiar **30.000** i støtte til dette lærlingearrangementet.
Støtta hentast frå fond 55699740, som er avsett til satsing på lærlingar i Setesdal.

For utbetaling treng vi eit stadfesta prosjektrekneskap.
Ver grei å oppgje kontonummer for utbetaling.

Med helsing
Setesdal regionråd

Rita Hansen
dagleg leiar

Runar Granheim
rådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.*

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| BYKLE KOMMUNE | Sarvsvegen 14 | 4754 | BYKLE |

**Klageadgang:**
De har høve til å klage på vedtaket. Klaga må sendast dagleg leiar i fondet innan 3 veker etter mottakinga av dette brevet. Klaga skal sendast Setesdal regionråd, Pb 4, 4747 Valle. Det må gå fram av klaga kva del av vedtaket de ynskjer å endre og kva for grunngjeving de har for klaga.

**Stadfesting av mottaking av løyving – ev utfyllande opplysingar:**
Vi gjer merksam på at vi rapporterar alle løyvingane frå regionalt næringsfond til Kommunal og regionaldepartementet og at det difor er viktig at du som mottakar gir ev. tilleggsopplysingar som trengst i høve EØS-regelverket, sjå nedanfor.

EØS-reglar for offentleg støtte og løyvingar frå regionalt næringsfond
Løyvinga er i høve reglar om bagatellmessig støtte, jf Kommisjonsforordning (EF) nr 1998/2006 av 15.des 2006 om bruk av EF-traktaten sin artikkel 87 og 88, publisert i EU Tidende 28.12.2006 nr L379. I følgje desse reglane kan støttemottakar / verksemd ikkje motta meir enn til saman 200 000 Euro over eit tidsrom på 3 rekneskapsår frå samlege støttekjelder. Tilbodet om løyving føreset at ei ikkje kjem i konflikt med denne regelen.

Verksemd eller støttemottakar er ansvarleg for at alle offentlege subsidier eller tilskott ikkje overstig 200 000 Euro (for tida ca 1,5- 1,6 mill NOK – avhengig av kronekursen) til saman i løpet av dei siste tre rekneskapsåra. Som støttemottakar må du sende skrifteleg eller elektronisk stadfesting på at det ikkje er motteke tilbod om annan bagatellmessig støtte i inneverande og de to føregåande rekneskapsåra – eller oppgie motteken støtte (beløp, støttekjelde, tidspunkt for tilbod). Ved eventuelle nye søknader om offentleg støtte (uansett støttekjelde) har støttemottakar plikt til å opplyse om tidlegare tilskott dei 3 siste rekneskapsår frå tilbodstidspunkt.

**Svar på tilbod om løyving - frist:**
Vi syner til tilsagnet om løyving med vilkår og reglane som er referert til EØS-regleverket. Vi ber om tilbakemelding og stadfesting på om du tek imot løyvinga – samt ev. opplysingar om støtte siste 3 år jf. EØS-regelverket.

Svar utbes innan ein månad får dato. Du kan svare elektronisk eller pr post.

GRO ODDNY HELLE
c/o Helle Setesdalsvegen 3194
4748 RYSSTAD
E-post:



| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
|---|---|---|
| 2019/31-4 | runar.granheim@setesdal.no | 03.09.2019 |

Delegasjonssaknr.:

# Svar på søknad om støtte til bakeri på Helle

Syner til søknad datera 04.07.2019, om støtte til bakeri på Helle. Investeringane er estimert å ligge på 1.500.000, inkludert ei røykstoge.

Det er positivt at du satsar innan lokalmat, og at du investerer for å kunne produsere meir straumlineforma og effektivt.

**Administrativt vedtak:**

I medhald av delegert fullmakt løyver dagleg leiar kr**. 75.000,-** i støtte til bakeri på Helle. Løyvinga kan gå til å dekke kostnader som skissert i søknaden, på bakgrunn av dokumenterte kostnader.
Løyvinga dekkast frå regionalt næringsfond, ansvar 5303.

Ver grei å oppgje kontonummer for utbetaling. Vi ynskjer deg lukke til med denne satsinga.

Med helsing
Setesdal regionråd

Rita Hansen
dagleg leiar

Runar Granheim
rådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.*

**Klageadgang:**
De har høve til å klage på vedtaket. Klaga må sendast dagleg leiar i fondet innan 3 veker etter mottakinga av dette brevet. Klaga skal sendast Setesdal regionråd, Pb 4, 4747 Valle. Det må gå fram av klaga kva del av vedtaket de ynskjer å endre og kva for grunngjeving de har for klaga.

**Stadfesting av mottaking av løyving – ev utfyllande opplysingar:**
Vi gjer merksam på at vi rapporterar alle løyvingane frå regionalt næringsfond til Kommunal og regionaldepartementet og at det difor er viktig at du som mottakar gir ev. tilleggsopplysingar som trengst i høve EØS-regelverket, sjå nedanfor.

EØS-reglar for offentleg støtte og løyvingar frå regionalt næringsfond
Løyvinga er i høve reglar om bagatellmessig støtte, jf Kommisjonsforordning (EF) nr 1998/2006 av 15.des 2006 om bruk av EF-traktaten sin artikkel 87 og 88, publisert i EU Tidende 28.12.2006 nr L379. I følgje desse reglane kan støttemottakar / verksemd ikkje motta meir enn til saman 200 000 Euro over eit tidsrom på 3 rekneskapsår frå samlege støttekjelder. Tilbodet om løyving føreset at ei ikkje kjem i konflikt med denne regelen.

Verksemd eller støttemottakar er ansvarleg for at alle offentlege subsidier eller tilskott ikkje overstig 200 000 Euro (for tida ca 1,5- 1,6 mill NOK – avhengig av kronekursen) til saman i løpet av dei siste tre rekneskapsåra. Som støttemottakar må du sende skrifteleg eller elektronisk stadfesting på at det ikkje er motteke tilbod om annan bagatellmessig støtte i inneverande og de to føregåande rekneskapsåra – eller oppgie motteken støtte (beløp, støttekjelde, tidspunkt for tilbod). Ved eventuelle nye søknader om offentleg støtte (uansett støttekjelde) har støttemottakar plikt til å opplyse om tidlegare tilskott dei 3 siste rekneskapsår frå tilbodstidspunkt.

**Svar på tilbod om løyving - frist:**
Vi syner til tilsagnet om løyving med vilkår og reglane som er referert til EØS-regleverket. Vi ber om tilbakemelding og stadfesting på om du tek imot løyvinga – samt ev. opplysingar om støtte siste 3 år jf. EØS-regelverket.

Svar utbes innan ein månad får dato. Du kan svare elektronisk eller pr post.

SKOGSELSKAPET I AGDER
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL
E-post:

Setesdalsamarbeid
Bykle, Valle, Bygland,
Evje og Hornnes

| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
|---|---|---|
| 2018/67-4 | runar.granheim@setesdal.no | 05.09.2019 |

Delegasjonssaknr.: 17/19

# Svar på søknad om støtte til transport

Syner til søknad datera 26/8, om støtte til transport av ungdomskuleelevar til ein skogbrukssdag på KVS Bygand. Skogbruksdagen er ein temadag knytta til skog og næring, miljø, folkehelse osb. I tillegg møtast elevar frå heile regionen denne dagen. De søker om 25.000 i støtte til transport. Vi støttar tiltak som «fører med seg direkte og indirekte verdiskaping basert på naturressursar», jfr vår handlingsprogram 2017-2020.

**Administrativt vedtak:**

I medhald av delegert fullmakt løyver dagleg leiar kr **25.000,-** i støtte til transport til skogbrukssdag hausten 2019, på KVS Bygland. Utbetalinga skjer på bakgrunn av dokumentasjon på kostnader knytta til transport. Løyvinga dekkast frå regionalt næringsfond, ansvar 5303.

Ver grei å oppgje kontonummer for utbetaling.

Med helsing
Setesdal regionråd

Rita Hansen
dagleg leiar

Runar Granheim
rådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.*

Kopi til:

**Klageadgang:**
De har høve til å klage på vedtaket. Klaga må sendast dagleg leiar i fondet innan 3 veker etter mottakinga av dette brevet. Klaga skal sendast Setesdal regionråd, Pb 4, 4747 Valle. Det må gå fram av klaga kva del av vedtaket de ynskjer å endre og kva for grunngjeving de har for klaga.

**Stadfesting av mottaking av løyving – ev utfyllande opplysingar:**
Vi gjer merksam på at vi rapporterar alle løyvingane frå regionalt næringsfond til Kommunal og regionaldepartementet og at det difor er viktig at du som mottakar gir ev. tilleggsopplysingar som trengst i høve EØS-regelverket, sjå nedanfor.

EØS-reglar for offentleg støtte og løyvingar frå regionalt næringsfond
Løyvinga er i høve reglar om bagatellmessig støtte, jf Kommisjonsforordning (EF) nr 1998/2006 av 15.des 2006 om bruk av EF-traktaten sin artikkel 87 og 88, publisert i EU Tidende 28.12.2006 nr L379. I følgje desse reglane kan støttemottakar / verksemd ikkje motta meir enn til saman 200 000 Euro over eit tidsrom på 3 rekneskapsår frå samlege støttekjelder. Tilbodet om løyving føreset at ei ikkje kjem i konflikt med denne regelen.

Verksemd eller støttemottakar er ansvarleg for at alle offentlege subsidier eller tilskott ikkje overstig 200 000 Euro (for tida ca 1,5- 1,6 mill NOK – avhengig av kronekursen) til saman i løpet av dei siste tre rekneskapsåra. Som støttemottakar må du sende skrifteleg eller elektronisk stadfesting på at det ikkje er motteke tilbod om annan bagatellmessig støtte i inneverande og de to føregåande rekneskapsåra – eller oppgie motteken støtte (beløp, støttekjelde, tidspunkt for tilbod). Ved eventuelle nye søknader om offentleg støtte (uansett støttekjelde) har støttemottakar plikt til å opplyse om tidlegare tilskott dei 3 siste rekneskapsår frå tilbodstidspunkt.

**Svar på tilbod om løyving - frist:**
Vi syner til tilsagnet om løyving med vilkår og reglane som er referert til EØS-regleverket. Vi ber om tilbakemelding og stadfesting på om du tek imot løyvinga – samt ev. opplysingar om støtte siste 3 år jf. EØS-regelverket.

Svar utbes innan ein månad får dato. Du kan svare elektronisk eller pr post.

Postboks 4 4747 Valle
Kommunehuset i Valle 4747 Valle
T 37 93 75 00
E post@setesdal.no
Bank: 2890 67 12905
Org. nr. 981 543 556
www.setesdal.no

Setesdal Regionråd

Mona Våge Bjørgum
Bjørgevegen 25
4748 Rysstad
E-post:

Setesdalsamarbeid
Bykle, Valle, Bygland,
Evje og Hornnes

| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
|---|---|---|
| 2018/78-4 | runar.granheim@setesdal.no | 08.10.2019 |

Delegasjonssaknr.: 21/19

# Svar på søknad om støtte til etablering av yoga-tilbod, - Bjørgum gard

Syner til søknad datera 12.09.2019, om investeringsstøtte til etablering av eit tilbod innan yoga i fjellheimen. Investeringsbeløpet i søknaden ligg på totalt 131.000 (eige arbeid ikkje inkludert). Vi har ikkje høve til å støtte innkjøp av «lausøyre», som til dømes supbrett og våtdrakter. Tilbodet de ynskjer å etablere representerer etter vår vurdering eit godt supplement til både reiseliv og fastbuande i Setesdal, med fokus på naturopplevingar og rekreasjon.

**Administrativt vedtak:**

I medhald av delegert fullmakt løyver dagleg leiar inntil **35.000, -** til etablering og investeringar knytta til etablering av yoga-tilbod ved Bjørgum gard. Dette tilsagnet er gyldig i eitt år frå de har motteke det. Støtta kan gå til tenestekjøp, investeringar og eige arbeid knytta til søknaden. Merk at støtta ikkje kan dekke innkjøp av lausøyre som nemnt ovanfor.

Løyvinga hentast frå regionalt næringsfond, ansvar 5303.

For utbetaling må de sende inn dokumentasjon på kostnadar, fakturakopiar, timelistar o.l.
Ver grei å oppgje kontonummer for utbetaling.

Med helsing Setesdal regionråd

Rita Hansen
dagleg leiar

Runar Granheim
rådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.*

**Klageadgang:**
De har høve til å klage på vedtaket. Klaga må sendast dagleg leiar i fondet innan 3 veker etter mottakinga av dette brevet. Klaga skal sendast Setesdal regionråd, Pb 4, 4747 Valle. Det må gå fram av klaga kva del av vedtaket de ynskjer å endre og kva for grunngjeving de har for klaga.

**Stadfesting av mottaking av løyving – ev utfyllande opplysingar:**
Vi gjer merksam på at vi rapporterar alle løyvingane frå regionalt næringsfond til Kommunal og regionaldepartementet og at det difor er viktig at du som mottakar gir ev. tilleggsopplysingar som trengst i høve EØS-regelverket, sjå nedanfor.

EØS-reglar for offentleg støtte og løyvingar frå regionalt næringsfond
Løyvinga er i høve reglar om bagatellmessig støtte, jf Kommisjonsforordning (EF) nr 1998/2006 av 15.des 2006 om bruk av EF-traktaten sin artikkel 87 og 88, publisert i EU Tidende 28.12.2006 nr L379. I følgje desse reglane kan støttemottakar / verksemd ikkje motta meir enn til saman 200 000 Euro over eit tidsrom på 3 rekneskapsår frå samlege støttekjelder. Tilbodet om løyving føreset at ei ikkje kjem i konflikt med denne regelen.

Verksemd eller støttemottakar er ansvarleg for at alle offentlege subsidier eller tilskott ikkje overstig 200 000 Euro (for tida ca 1,5- 1,6 mill NOK – avhengig av kronekursen) til saman i løpet av dei siste tre rekneskapsåra. Som støttemottakar må du sende skrifteleg eller elektronisk stadfesting på at det ikkje er motteke tilbod om annan bagatellmessig støtte i inneverande og de to føregåande rekneskapsåra – eller oppgie motteken støtte (beløp, støttekjelde, tidspunkt for tilbod). Ved eventuelle nye søknader om offentleg støtte (uansett støttekjelde) har støttemottakar plikt til å opplyse om tidlegare tilskott dei 3 siste rekneskapsår frå tilbodstidspunkt.

**Svar på tilbod om løyving - frist:**
Vi syner til tilsagnet om løyving med vilkår og reglane som er referert til EØS-regleverket. Vi ber om tilbakemelding og stadfesting på om du tek imot løyvinga – samt ev. opplysingar om støtte siste 3 år jf. EØS-regelverket.

Svar utbes innan ein månad får dato. Du kan svare elektronisk eller pr post.

**PS 73/19 Drøfting/orienteringssaker**

Setesdalsamarbeid
Bykle, Valle, Bygland,
Evje og Hornnes

Saksmappenr: 2017/55 - 12
Arkiv:
Sakshandsamar: Rita Hansen

# *Saksframlegg*

# *Setesdal regionråd*

| ***Saksnummer*** | ***Utval*** | ***Møtedato*** |
|---|---|---|
| | Setesdal Regionråd - Styre | |
| | | |

## Skatteoppkrevjaren i Setesdal – uttale

**Dagleg leiar tilrår:**

Styret v/styreleiar sender ei uttale til finansdepartementet med kopi til Sørlandsbenken basert på utkastet nedanfor i høve forslag om nedlegging av skatteoppkrevjarkontoret i Setesdal. Utkastet suppleras med eventuelle moment som kjem fram i styremøte og ferdigstilles av dagleg leiar.

## *Saksutgreiing:*

**1. Bakgrunn for saka**

I framlegg til statsbudsjett foreslår regjeringa å overføre skatteinnkrevjinga frå kommunane til staten. Dei vil leggje ned lokale, kommunale skattekontor og overføre oppgåvene til større, meir spesialiserte statlege kontor.

**2. Saksopplysningar**

Skatteoppkrevjarfunksjonen for kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle er i dag samordna på Evje. Skatteoppkrevjaren i Setesdal har ansvar for regnskapsføring og innfordring av skatt, skattetrekk og arbeidsgivaravgift for dei fire kommunane i Setesdal. Kontoret yter også informasjon til og utfører kontroll av arbeidsgjevarar.

Skatteoppkrevjaren i Setesdal utgjer i dag omlag 1,2 årsverk. I tillegg til 1,2 årsverk på Evje, blir arbeidsgjevarkontrollen i våre kommunar utført av kontrollmiljøet i Grimstad. Det utgjør ca. 0,5 årsverk.

Totalt går det altså med 1,7 årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i våre 4 kommunar. Kontoret vil med den føreslåtte statleggjeringa bli nedlagd, og arbeidsområda vil bli fordelt på fleire einingar.

Tall på årsverk som i dag brukas på kommunal skatteinnkrevjing i begge Agderfylka er som følger:

| | |
|---|---|
| Aust-Agder | 20,0 årsverk |
| Vest-Agder | 28,5 årsverk |
| Totalt | 48,5 årsverk |

Slik ein oppfattar det, vil det bli følgjande lokalisering og arbeidsfordeling etter den føreslåtte statleggjeringa:

| | |
|---|---|
| Grimstad | 31 årsverk (21 på arbeidsgievarkontroll og 10 på overordna skatteregnskap) |
| Kristiansand | 13 årsverk (innfordring personlige skatteytare) |
| Lyngdal | 2 årsverk (veiledning) |
| Totalt | 46 årsverk |

Av disse fordeler oppgåvene seg slik:

| | |
|---|---|
| Skatteregnskap \| | 8,0 årsverk |
| Innfordring (både pers. og næring) | 22,0 årsverk |
| Arbeidsgievarkontroll | 15,5 årsverk |
| Administrasjon og veiledning | 3,0 årsverk |

Agder mister totalt 2,5 årsverk. Ein rekkje skatteoppkrevjarkontor blir nedlagd, deriblant i Setesdal, og både oppgåver og stillingar blir flytta til meir spesialiserte einingar med færre lokasjonar.

Arbeidsplassane ved skatteoppkrevjarkontora er høgt spesialiserte kompetansearbeidsplassar med god lokalkunnskap. Lokalkunnskap som er viktig med omsyn til kunnskap om lokalt arbeidsliv og lokale arbeidsgjevarar. Dette er særs viktige arbeidsplasser for distriktskommunar. Å leggje ned skatteoppkrevjarkontoret i Setesdal og lokalisere arbeidsplassar og nye einingar i Grimstad og Kristiansand føyar seg inn i rekka av ei regional sentraliseringsbølge kor vi ser at arbeidsplasser, funksjonar og tenestar forsvinn frå indre Agder ned til aksen Arendal – Kristiansand.

Eit samrøystes styre i Setesdal regionråd vil på det sterkaste oppmode til at skatteoppkrevjarkontoret i Setesdal ikkje leggjast ned, og at ein heller styrkar kontoret ved å tilføre fleire årsverk og funksjoner til Setesdal.

**3. Vurderingar**

Vedtak sendast til:

Valle, den 30.10.2019

Rita Hansen
dagleg leiar

Postboks 4 4747 Valle
Kommunehuset i Valle 4747 Valle
T 37 93 75 00
E post@setesdal.no
Bank: 2890 67 12905
Org. nr. 981 543 556
www.setesdal.no

**PS 74/19 Orientering ymse repr / utval**

**PS 75/19 Førespurnader**

Setesdalsamarbeid
Bykle, Valle, Bygland,
Evje og Hornnes

Saksmappenr: 2006/23 - 32
Arkiv:
Sakshandsamar: Rita Hansen

# *Saksframlegg*

# *Setesdal regionråd*

| ***Saksnummer*** | ***Utval*** | ***Møtedato*** |
|---|---|---|
| 76/19 | Setesdal Regionråd - Styre | 06.11.2019 |

## Val av styreleiar og nestleiar i styre

**Dagleg leiar tilrår:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

## *Saksutgreiing:*

**1. Bakgrunn for saka**

I samband med ny valperiode skal det veljast ny styreleiar og ny nestleiar i styre.

**2. Saksopplysningar**

I medhald av vedtektene vel styret sjølv leiar og nestleiar for to år om gongen. Dette skal gå på omgang mellom kommunane.
Styreleiar dei siste to åra har vore ordførar i Evje og Hornnes kommune, Bjørn A. Ropstad, og nestleiar har vore ordførar i Bygland kommune, Leiv Rygg Langerak.

**3. Vurderingar**

Det følger inga vurderingar til saka.

Vedtak sendast til:

Valle, den 31.10.2019

Rita Hansen
dagleg leiar

Saksmappenr: 2006/861 - 36
Arkiv:
Sakshandsamar: Rita Hansen

# *Saksframlegg*

# *Setesdal regionråd*

| *Saksnummer* | *Utval* | *Møtedato* |
|---|---|---|
| 77/19 | Setesdal Regionråd - Styre | 06.11.2019 |

## Møteplan Setesdal regionråd 2020

**Dagleg leiar tilrår:**

Styret godkjenner møteplan som framlagt.

## *Saksutgreiing:*

**1. Bakgrunn for saka**

Det er ønskjeleg å fastsette møtekalenderen tidleg av omsyn til kommunane og regionale aktørar/arrangement.

**2. Saksopplysningar**

Framlegg til datoar for styre- og representantskapsmøte vidarefører etablert praksis med onsdagar. Så langt råd er vil ein søke å leggje eventuelle styresamlingar i tilknyting til styremøta.

Datoar / lengde på representantskapsmøte for andre interkommunale verksemder er tenkt avklåra i samband med førebuing til dei einskilde møta.

**3. Vurderingar**

Vedtak sendast til:

Agder Fylkeskommune v/Anita Henriksen

KS v/Ruth Nilsen Stubberud
Bykle kommune
Valle kommune
Bygland kommune
Evje og Hornnes kommune
Åseral kommune

Valle, den 12.10.2019

Rita Hansen
dagleg leiar

# MØTEPLAN - SETESDAL REGIONRÅD - 2020

| | JAN | FEB | MARS | APRIL | MAI | JUNI | JULI | AUG | SEPT | OKT | NOV | DES |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Styremøte** | | 26 | | 29 | | 17 | | | 30 | | 11 | 16 |
| **Representantskapsmøte** | | | | | | 17 | | | | | | 16 |
| **Rådmannsmøte** | 22 | 13 | 18 | 15 | 13 | 3 | | 19 | 16 | 14 | 4 | 2 |
| **Næringsforum** | | | | | | | | | | | | |
| **Bykle kommunestyre** | | | | | | | | | | | | |
| **Evje og Hornnes kommunestyre** | | | | | | | | | | | | |
| **Bygland kommunestyre** | | | | | | | | | | | | |
| **Valle kommunestyre** | | | | | | | | | | | | |
| **Åseral kommunestyre** | | | | | | | | | | | | |
| **Fylkesting** | | | | | | | | | | | | |
| **Fylkesutval** | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |

**Med atterhald om evt. endringar undervegs**

Saksmappenr: 2011/40 - 7
Arkiv:
Sakshandsamar: Rita Hansen

# *Saksframlegg*

# *Setesdal regionråd*

| ***Saksnummer*** | ***Utval*** | ***Møtedato*** |
|---|---|---|
| 78/19 | Setesdal Regionråd - Styre | 06.11.2019 |
| | | |

## Søknad om støtte til utviding av lokale - MOVI musikk og Atelier Mona Ida

**Dagleg leiar tilrår:**

Styret avslår søknaden.

## *Saksutgreiing:*

**1. Bakgrunn for saka**

Mona Ida H. Frøysnes og Vidar Frøysnes søkar Setesdal regionråd om kr. 80 000,- til utviding av lokale. Dei søkar Bygland kommune om same beløp.

**2. Saksopplysningar**

Søkjar planlegg å utvide den lokale lagerkapasiteten og få på plass ei carport-løysing for 2 tilhengarar ved å bygge på Atelierbygningen. Tilbygget vil i 2.etg. klarere plass for rammeverkstad og kontor, og i det nye romet over carport vert det etablert ein ny gitarverkstad. I tillegg til å bruke eiga næringsbygg, leiar verksemda lokalar i Evjemoen næringspark i dag.

Finansieringsplanen er på totalt kr. 400 000,- hvorav kr. 160 000,- er eigenkapital, kr. 80 000,- er eigen innsats/eigne materialar og kr. 160 000,- er tilskott.

Søknad og ettersendte tilleggsopplysningar ligg som vedlegg til saka i eiga mappe. Saka er ikkje handsama i Bygland kommune ennå, men ein har hatt dialog med Bygland kommune undervegs.

**3. Vurderingar**

Ein ser at søkar ser som ynskelig å utvide/utbetre lagerplass og kontorfasilitetar, og at dette vil lette arbeidskvardagen i verksemda.

Vi vurderar det likevel slik at verksemda ikkje oppfyller kriteria i våre overordna føringar for regionalt næringsfond.

Kriteria er slik:
- fleire gode gründarar eller auka nyskaping
- nye arbeidsplassar eller auka sysselsetting
- fleire vekstkraftige verksemder, auka omsetning, lønsemd, auka verdiskaping
- auka konkurransekraft, produktivitetsforbedringer
- fleire innovative næringsmiljø, eller meir innovative næringsmiljø
- kompetanseutvikling, eller auka tilgong på relevant kompetanse
- auka samarbeid mellom verksemder, eller med FoU-miljøer
- omstilling av Sørlandet til lavutslippssamfunnet
- internasjonalt samarbeid og internasjonalisering
- likestilling, inkludering og mangfald
- auka omstillingsevne, eller auka innovasjonsevne

Søkjar opplys at det kan vere aktuelt å starte gitarverkstad / gitarforretning. Det er likevel ikkje snakk om ein fysisk butikk i lokala får ein opplyst, da denne delen av verksemda gjeng føre på nett og ein i salsprosessen baserar seg på at «kjøper og seljar kan møtes et sted kor kjøper kan sjå på produktet».

Ut frå ettersendt tilleggsinformasjon om verksemda ser ein dei tilbyr fleire kulturtilbod. Slik sett er verksemda ein positiv kulturleverandør både for musikk- og kunstmiljøet i Bygland/Setesdal, for reiselivsnæringa og for andre verksemder.

Når det gjeld utvikling og ambisjonsnivå for verksemda er planen er å fortsette å drive selskapet i tilsvarande størrelsesorden som det har vore dei siste åra, med ein omsetnad på kr 500'-700'. Investeringa knyta til utviding av lokala planlegg søkjar spare inn ved at verksemda slipp kostnadane ved å leie lokale på Evjemoen.

Dagleg leiar tilrår å avslå søknaden om tilskott til utviding av lokala.

Vedtak sendast til:

Mona Ida H. Frøysnes og Vidar Frøysnes

Valle, den 29.10.2019

Rita Hansen
dagleg leiar
Vedlegg

2 Ang. næringsbygg MOVI musikk
3 E-post korrespondanse Tilleggsinformasjon om verksemda
4 Anb uthus
5 Pris atelier

**Fra:** Rita Hansen (rita.hansen@setesdal.no)
**Sendt:** 04.08.2019 12.15.09
**Til:** Post - Setesdal Regionråd
**Kopi:**

**Emne:** VS: Søknad til næringsfond
**Vedlegg:**

---

**Fra:** Vidar Frøysnes [mailto:vidar.froysnes@icloud.com]
**Sendt:** torsdag 1. august 2019 22:57
**Til:** Liv Åsne Austad Andersen <Liv.Asne.Austad@bygland.kommune.no>; Rita Hansen <rita.hansen@setesdal.no>
**Kopi:** vidar.froysnes@online.no
**Emne:** Søknad til næringsfond

Til

Bygland kommune
Setesdal regionråd

Syner til tidlegare samtalar med næringsansvarleg i Bygland kommune, vedkomande utviding av lokala for vår verksemd MOVI musikk og Atelier Mona Ida på Bygland med **ny gitarverkstad / gitarforretning**.

Situasjon 2019:

- I tillegg til vårt fullt innreidde næringsbygg i Rydningen, leiger vi lokalar i Evjemoen næringspark (her har vi leigd dei siste 10 åra ca., og tidlegare leigde vi av Bygland kommune bibliotek og møterom i Prestegardsløa)
- Musikkverksemda trenger seg innpå plassen for rammeverkstad og kontor til Atelier Mona Ida
- Det er auka verksemd på service & verkstad for gitarar og div. musikkinstrument
- 2 skap-tilhengarar for instrument står parkert i friluft, og dette er ikkje bra på vinteren

Planen er no å utvide den lokale lagerkapasiteten og få på plass ei carport-løysing for 2 tilhengarar ved å bygge på Atelierbygningen i Rydningen.
Tilbygget vil i 2.etg. klarere plass for rammeverkstad & kontor. og i det nye romet over carport vert det etablert ein ny gitarverkstad.

Vi har akseptert kalkylar/tilbod frå Kjetil Vegusdal bygg for følgjande oppdrag:

Lager i uthus 117.500kr + tilbygg Atelier 263.750kr = 381.250kr
Tillegg for elektriker o.a. uforutsett 18.750kr -> sum **400.000kr**

Med desse investeringane vil vi løyse plassbehova for musikkverksemda, og ift. kontor og rammeverkstad for Atelier Mona Ida. Vi legg samstundes tilrette for satsing på **gitarverkstad** og **ny gitarforretning**.

Finansiering:

| | |
|---|---|
| Eigenkapital | 160.000kr |
| Eigen innsats, eigne materialar | 80.000kr |
| Støtte frå næringsfond; samla 40% | 160.000kr |
| (Bygland kommune og Setesdal regionråd) | |
| Finansiert | **400.000kr** |

Scan. av tilbod frå Kjetil Vegusdal:

Omsetningstal etc. kan innhentast og leggast fram v. behov.
Atelier Mona Ida og MOVI musikk reg. no. 975894576 er firma som har levert næringsoppgåve i meir enn 30 år.  Firmaet er f.t. ikkje momspliktig pga. momsfritak på kunst og konsert/musikk/underhaldning.

Med helsing,
for Mona Ida H. Frøysnes og Vidar Frøysnes

V.
Sendt frå min iPad2

**Fra:** Vidar Frøysnes (vidar.froysnes@icloud.com)
**Sendt:** 24.09.2019 13:14:26
**Til:** Knut Olav Forgard
**Kopi:** Rita Hansen

**Emne:** Ang. næringsbygg MOVI musikk
**Vedlegg:**

Syner til samtale i dag, og vil opplyse at det utvida næringsbygget også vil bli nytta til musikkundervisning : munnharpe og diverse strengeinstrument.
Har tidlegare vore tilsett i kulturskulen, og held fram med privat undervisning.

Mvh
Vidar Frøysnes
Sendt frå min iPhone

**Fra:** Vidar Frøysnes (vidar.froysnes@icloud.com)
**Sendt:** 21.10.2019 21:33:15
**Til:** Rita Hansen
**Kopi:**

**Emne:** Re: Næringssaker
**Vedlegg:**
Hei, ja eg fekk den!

Dette var svar m.kopi til deg; på ein ekstra ePost-runde med Knut Olav Forgard.

V.
Sendt frå min iPhone

21. okt. 2019 kl. 21:12 skrev Rita Hansen <rita.hansen@setesdal.no>:

Hei!

Du fekk e-posten frå meg med «løypemelding» for saka for ei tid tilbake? Blei litt i tvil om den var sendt til riktig e-postadresse.

Mvh Rita

---

**Fra:** Vidar Frøysnes [mailto:vidar.froysnes@icloud.com]
**Sendt:** mandag 21. oktober 2019 12:00
**Til:** Knut Olav Forgard <knut.forgard@bygland.kommune.no>
**Kopi:** Rita Hansen <rita.hansen@setesdal.no>
**Emne:** Re: Næringssaker

Knut Olav,

- takk for info. ang. lokal handsaming, og kvifor 'det tek si tid'.

Tenkte kankje om dette også kunne vere ei sak ift. Bygland Vekst?
Vi driv fleire kulturtilbod som er av interesse for reiselivet og reiselivsnæringa, både lokalt og regionalt:
* Vi har direkte besøk i atelieret; av og til turbussar. For å handtere primærbehova til dei besøkjande har vi feks. etablert eit eige kundetoalett med inngang frå tunet
* Ift. hotella i dalen leverer vi kunst og utstillingar (ref. Revsnes, Sølvgarden, Bykle hotell og div. på Hovden) og musikk til alle slags anledningar over heile Agder

Reiseliv, og det at reiselivet har levande kultur å by på, er jo også ei regional satsing.
Vår verksemd har ved vanleg drift gansk mykje besøk, og vi er vel for tida ei av dei private verksemda som har drive lengst som kulturleverandørar i Setesdal.

Eg vonar at også etablerte verksemder kan støttast av kommunen og regionrådet.

Mvh
Vidar Frøysnes
mobil 481 48 567

Saksmappenr: 2010/150 - 9
Arkiv:
Sakshandsamar: Rita Hansen

# *Saksframlegg*

# *Setesdal regionråd*

| ***Saksnummer*** | ***Utval*** | ***Møtedato*** |
|---|---|---|
| 79/19 | Setesdal Regionråd - Styre | 06.11.2019 |

## Søknad om tilskot - Setesdal Folkehøgskule

**Dagleg leiar tilrår:**

Styret løyvar kr 1.500.000,- til vidareutvikling av Setesdal Folkehøgskule. Midlane hentast frå 55699908 ledige midlar, tidlegare års løyvingar samt frå 55699905 ledige midlar, overskott drift.

## *Saksutgreiing:*

**1. Bakgrunn for saka**

Setesdal Folkehøgskule søker regionrådet om tilskot på kr. 2.000.000,- til finansiering av bygg og vidare utvikling av skulen. Dei har også søkt Valle kommune om tilskot på kr. 3.000.000,- og Aust-Agder Fylkeskommune om tilskott på kr. 2.000.000,-. Søknaden er datera 5. mai 2019.

På vegne av styreleier skipa dagleg leiar til møte mellom Setesdal folkehøgskule og politisk og administrativ leiing i Aust-Agder Fylkeskommune, Valle kommune og Setesdal regionråd. Møtet var planlagd 16.09.19 men blei etter førespurnad frå Aust-Agder Fylkeskommune flytta til 02.10.19.

**2. Saksopplysningar**

I samband med vedtak i Valle kommune om å legge ned Hylestad skule inngikk Setesdal folkehøgskule avtale om overtaking av eigedommen i juni 2019 og har også kjøpt tilleggsarealar nær skulen. Skulen arbeider med å vidareutvikle linjetilbodet og styret i Setesdal folkehøgskule har vedteke å sette i gang ei eiga linje med folkemusikk.

Setesdal folkehøgskule søker om totalt kr. 7.000.000,- frå Aust-Agder Fylkeskommune, Valle kommune og Setesdal regionråd. Forretningsplan 2019-2022 syner eit kapitalbehov på kr. 14.000.000,-, hvorav eigenkapital er kr. 4.500.000,-.

På møte 22. oktober 2019 fattet Fylkestinget i Aust-Agder Fylkeskommune vedtak slik: *Det bevilges 1,8 millioner til videre utvikling av studietilbudet ved Setesdal folkehøgskule. Det tas 1 millioner fra ubundne RUP midler og 800.000 fra fylkestingets disposisjonskonto.*

Etter kva ein har fått opplyst, planlegg Valle kommune handsaming av søknaden i formannskapsmøte i november.

**3. Vurderingar**

Setesdal folkehøgskule har hausten 2019 12 tilsette. Målsettinga er 100 elevar og 20 tilsette. Setesdal folkehøgskule blei etablert i 2010, og har nå et behov for re-etablering og vidare utvikling..

Tal frå 2019 visar en rekordstor søknad til folkehøgskular over heile landet. I dag veljar 11 % av norske ungdommar et år på folkehøgskole, og talet på søkarar har auka jamt og trutt de siste 10 åra (tal henta frå folkehogskule.no).

Omlag halvparten av elevane ved Setesdal folkehøgskule er under 18 år. I dagens samfunn er det viktig å også ha eit skuletilbod for dei i den yngste aldersgruppa som trenger andre arenaer for utvikling og mestring enn det dei kan få i ordinære vidaregåande skular. Tala visar ikkje berre at marknaden for verksemda er stort og voksande, men at det også har ein samfunnsnyttig side og har eit viktig oppdrag for storsamfunnet.

Skulens arbeid med å utvikle ei eiga folkemusikklinje er ein positiv faktor også for Setesdal sin unike, immaterielle kulturarv, som også er nominert til Unescos verdsarvliste. Avgjerda i Unesco faller i desember 2019, og dersom nominasjonen går gjennom vil ein vere avhengig av mange gode kreftar som spelar på lag framover for å ivareta og foredle verdsarvstatusen. Her vil Setesdal folkehøgskule kunne bli ein viktig samarbeidspartnar i regionen, med si sterke engasjement og satsing på folkemusikk. Uavhengig av Unesco status vil skulen kunne bidra til å ta vare på vare på og vidareføre den immaterielle kulturarven.

Skolen ønsker å være ein pådrivar og ein aktiv samfunnsaktør i Agder, samtidig som dette er ein særs viktig og attraktiv arbeidsplass i Valle kommune. Skulen har arbeida målretta og langsiktig og fått til ei sterk utvikling dei siste åra. Skulen er allereie ein stor arbeidsplass i Valle kommune, og har som mål å auke til 20 tilsette.

Frå 2000 til 1. januar 2018 har Valle kommune hatt ei nedgang i innbyggjartal på 214 personar. Dette er ei nedgang på 15 %. Det er også ein nedgang i talet på arbeidsplassar:




*Figur 1: Frå «Valle i tal» v/Dagfinn Thorkildsen, leiar samfunnsutvikling og teknisk avdeling, Valle kommune.*

Sjølv om figuren over ikkje synar endringar fram til 2019, ser ein tydelig at utviklinga i talet på arbeidsplasser i Valle kommune visar ein vedvarande reduksjon. I sum var det i perioden ein reduksjon på 74 arbeidsplassar som utgjer ca. 12 %.

Samstundes visar tal frå same periode at det har vore ein reduksjon over tid i alle bransjar med unntak av nettopp undervisningssektoren og innafor bygg og anleggsbransjen. Setesdal folkehøgskule er i vekst, og verksemda har stor betyding og ringverknadar for anna næringsliv og sektorer. Med sin offensive strategi for vidare utvikling og vekst vil dette kunne bli ennå større.




*Figur 2: Frå «Valle i tal» v/Dagfinn Thorkildsen, leiar samfunnsutvikling og teknisk avdeling, Valle kommune.*

I sum tilseier tal, prognosar og utviklingstrekk i samfunnet elles at Setesdal folkehøgskule sin betydning for Valle kommune og Setesdal allereie er stor, og vil bety enda meir i framtida.

Størrelsen på tilskottet Setesdal folkehøgskule søker om er stort, og ein har derfor gått gjennom ein rekke sakar for å sjå søknaden opp mot handsaminga av andre søknader. Regionrådet har over til dels lang tid og gjennom fleire enkeltsakar gitt tilskot til andre utdanningsverksemder og i andre sakar i Setesdal. Dagleg leiar har gått gjennom ein rekkje av desse sakane og sjølv om ikkje alle er heilt samanliknbare ser ein likevel at over tid har regionrådet i sum løyvd store beløp i andre sakar til andre aktørar. Setesdal Folkehøgskule har berre søkt om og fått tilskot frå regionrådet ein gong tidlegare, og da på eit mindre beløp.

Ein vurderar det som naudsynt for skulens vidare utvikling og vekst å stø opp om skulen. Ut frå ei samla vurdering, og med særskild vekt på næringsaspektet, anbefaler daglig leiar styret å løyve kr 1 500 000,- i tilskott.

Dersom styret vel å løyve meir enn dagleg leiars tilråding, må beløp over kr. 1.500.000,- hentast frå andre fond.

Som følge av søknadens størrelse og EØS-reglar for offentleg støtte, har ein i handsaminga av søknaden vært i kontakt med Innovasjon Norge og Aust-Agder Fylkeskommune. Ein legger til grunn at ei løyving kan tildeles utan å anvende ein av EØS-avtalens unntaksbestemmelsar.

Vedtak sendast til:
Setesdal Folkehøgskule, Harstadvegen 51, 4747 Valle
Valle kommune
Aust-Agder Fylkeskommune
Agder Fylkeskommune

Valle, den 01.10.2019

Rita Hansen
dagleg leiar

ActionSportSetesdal
Setesdal Folkehøgskule

Setesdal Folkehøgskule
Harstadvegen 51
4747 Valle

Setesdal Regionråd
v/dagleg leiar Rita Hansen
Postboks 4
4746 Valle

Valle, 09.05.2019

**Søknad om tilskot til finansiering av bygg og vidare utvikling Setesdal Folkehøgskule**

Stiftinga Setesdal Folkehøgskule starta opp i 2010, med linjetilbod innan motorsport. Skulen er stifta av Valle kommune og Norges Motorsportforbund.

Setesdal Folkehøgskule ynskjer å vere ein aktiv samfunnsaktør, med målsetjing om å vere ein attraktiv skule og arbeidsplass. Vår aktivitet er basert på lokale ressursar og vi ynskjer å bidra til auka verdiskaping i Valle og Setesdal.

Setesdal Folkehøgskule *er i sterk vekst, og har trong for meir lokale til undervisning, overnatting,* kjøkken og opphaldsrom. Veksten er ynskt og det vert arbeidd aktivt for å utvikle skulen. Den ynska veksten er tufta på økonomiske vurderingar, der auka elevtal vil gi ein meir robust og føreseieleg økonomi. Målsettinga er 100 elever og 20 tilsette.

Valle kommune har vedtatt å legge ned Hylestad skule, og vi har gjort avtale om overtaking av eigedomen i juni 2019. I tillegg har vi kjøpt tilleggsareal nær skulen. Det er oppretta eigedomsselskap, Hylestad Eigedom AS, og planlegging av bygg og drift er godt i gang.

Vi har ei kostnadsramme for 2019 på kr. 14.000.000. - inkludert kjøp av eigedom, tilrettelegging av kjøkken, matsal og undervisningsrom. Vi skal ha midlertidige løysingar for overnatting, med oppsett av 2 stk. brakkeriggar, med dei kostnadar som følger. På sikt vil vi setje opp permanente bustadar, men for å ha kontinuerleg drift ved skulen, er midlertidige løysingar naudsynt.

Vi syner til oversikt på investeringar og finansiering i forretningsplan for Setesdal Folkehøgskule, og søkjar Setesdal Regionråd om tilskot på kr.2.000.000 til vidare utvikling av skulen.

Vi vonar at vår satsing på ungdom, bruk av lokale ressursar og auke i arbeidsplassar vert verdsett og ser fram til positiv handsaming av søknaden.

Med vennleg helsing

Åse Ingebjørg Flateland

Olav K. Hovet
Styreleiar
Sign.

Åse Ingebjørg Flateland
Styremedlem

## Forretningsplan 2019-2022

# Setesdal Folkehøgskule



Setesdal Folkehøgskule
Harstadvegen 51
4747 Valle
post@setesdal.fhs.no
www.setesdalfhs.no
Tlf +47 41 21 49 96

ActionSportSetesdal
Setesdal Folkehøgskule

# Innhold

Forretningsplan 2019-2022 ........................................ 1

Setesdal Folkehøgskule ........................................ 1

Forretningside ........................................ 2

Hovudmål ........................................ 3

Delmål ........................................ 3

Bakgrunn ........................................ 3

Utviklingstrinn ........................................ 5

Utviklingsprosjekt 2019 ........................................ 7

........................................ 7

Økonomi ........................................ 7

Organisering- Hylestad Eigedom AS ........................................ 8

Investeringar 2019 ........................................ 8

Finansieringsplan 2019 ........................................ 10

Oppsummering ........................................ 10

Vedlegg ........................................ 11

## Forretningside

Setesdal Folkehøgskule skal vere ei innovativ og endringsvillig verksemd som driv folkehøgskule basert på lokale ressursar, berekraftig verdigrunnlag og som har ungdom i sentrum i vårt arbeid.

## Hovudmål

Vi skal vere ein attraktiv folkehøgskule med dyktige tilsette og eit variert skuletilbod som gir ungdom eit år med glede, meistring og auka kunnskap.

Setesdal Folkehøgskule er ein frilynt skule og er ein del av den norske folkehøgskulebevegelsen. Vi bygger våre tilbod kring lokale ressursar. Vår metode skal vere innovativ og bærekraftig.

## Delmål

Setesdal Folkehøgskule er i vekst, og vi arbeidar med utvikling av eksisterande og nye tilbod for våre elever. Vi må auke vår kapasitet for overnatting og matservering samt legge til rette for dei ulike linjefaga.

Våre mål for vidare utvikling er:

- Linjefag:
    - Motorsport- Trial, Enduro og Motocross
    - Klatring
    - E-sport
    - Folkemusikk- prosjektstilling lyst ut mars 2019
    - Klubbdrift og arrangement- obligatorisk alle linjer
    - Luftsport – under utvikling
    - Lastebil- idèstadium

- Etablere skule på Nomeland, med lokale for undervisning og administrasjon
- Etablere overnattingsbygg og lokale for kjøkken, matsal og opphaldsrom
- Vere ein attraktiv arbeidsplass med god lærarkompetanse
- Bruke eksisterande ressursar i dei ulike linjetilboda, både materielle og menneskelege ressursar
- Arbeide for ein berekraftig profil- miljø, økonomi og rettferdighet
- Drive utleige av lokale utanom skuleåret og halde kurs utover ordinær drift





## Bakgrunn

På byrjinga av 2000-talet vart musikk-, dans- og dramalinje ved Valle vidaregåande skule lagt ned. Aust-Agder fylkeskommune og Valle kommune fekk i gong eit prosjekt for å skape ny aktivitet, og i 2006 vart det tilsett prosjektleiar for ein prosjektperiode på 2 år. Prosjektet vart vidareført i 2008-2009 med 40% engasjement.

Hausten 2009 fekk Setesdal Folkehøgskule godkjenning for 40 elevplassar i statsbudsjettet.

Setesdal Folkehøgskule starta opp i august 2010 med linjer for motorsport ; trial, motocross og enduro. Eksisterande internat i Valle blir leigd av Valle kommune. I tillegg blir det leigd verkstadbygg og telthall på Åraksøyne, det lokale motorsportsenteret i Valle . Skulen har hatt tilgang til crossbanen, og har samarbeidd med Hylestad Snøskuterklubb om bruken. I 2018 har Setesdal Folkehøgskule bygd om banen, ei investering på om lag kr. 500.000. I tillegg vert det leigd eit skogsområde som blir brukt til trening.

Frå starten har Setesdal Folkehøgskule vore opptekne av nytte lokale ressursar. Vi har sett etter nye mulegheiter, og har mellom anna prøvd ut linje for multisport. I 2017 hadde vi eit prosjekt på e-sport, med planlegging og marknadsføring av tilbodet. Tilbodet fekk gode søkjartal, og det vart venteliste første året. Denne trenden fortset i 2019, og vi må prioritere inntak av elever. Parallelt med utvikling av nye tilbod har vi arbeidd med å auke elevplassane- både for å få ein «sunn» økonomi og ha ei stor nok elevgruppe for sosialpedagogisk arbeid og utvikling for den enkelte elev.

Hausten 2018 hadde vi 60 elever, og vi måtte auke overnattingskapasitet og rom for undervisning. Vi har valt midlertidige løysingar med brakker til overnatting og leige av undervisningslokale til E-sport på Valle skule.

Vi har ei positiv utvikling, med gode søkjartal, og vi arbeidar for å auke elevtalet frå 70 til 100. Auke i elevplasser skjer gjennom politiske vedtak i Statsbudsjettet, både i tekst og økonomiske verkemiddel. Målsetjinga med 100 elevar, vil gi auka inntekter og ein føreseieleg økonomi. På same tid må Setesdal folkehøgskule drive ein attraktiv skule for elever og tilsette.

Med nedlegging av Hylestad skule vert det ledige bygg, og Valle kommune har vedteke å overdra bygningsmasse til Setesdal Folkehøgskule. Vi arbeidar no med planer for utvikling der, og har no på plass avtaler med grunneigar og Valle kommune. Vi opprettar eigedomsselskap, og vi fortset med vidare utvikling av skulen. Våren 2019 vert det lyst ut prosjektstilling i folkemusikk, ei satsing som speler på sterke lokale ressursar, både menneskelege og som kulturarv. Det er svært sannsynleg at Setesdal vil bli ein del av UNESCO si verdsarvsliste- immateriell kulturarv- og vi ser vår satsing på folkemusikk som ein framtidig bidragsyter i denne samanheng.

Eit elevtal på 100 elever vil kunne gi om lag 20 arbeidsplassar, det er ein stor arbeidsplass i Valle kommune.

**Stillingshjemler**

| Beskrivelse | Dagens situasjon | 70 elever | 70/100 elever | 100 elever |
|---|---|---|---|---|
| Enduro | Innleid | 100 | 100 | 100 |
| Trial | 100 | 100 | 100 | 100 |
| Klatring | 100 | 100 | 100 | 100 |
| Folkemusikk | | | 100 | 100 |
| Pluss innleid Folkemusikk | | | 50 | 50 |
| Motocross | 100 | 100 | 100 | 100 |
| E-sport | 100 | 100 | 100 | 100 |
| E-sport, Junioransatt | | 50 | 50 | 50 |
| Miljøarbeider | 60 | 60 | 60 | 60 |
| Miljøarbeider kan kombineres med | | | 50 | 50 |
| 50% E-sport, enduro eller vaktmester | | | 50 | 50 |
| Kokk | 80 | 80 | 80 | 80 |
| Ass kokk, slik at vi har kokk i helger også | | 50 | 50 | 50 |
| Kontorarbeider | 60 | 60 | 60 | 60 |
| Renholder | | 80 | 80 | 80 |
| Vaktmester | | 50 | 50 | 50 |
| Internatleder | | | | 100 |
| Inspektør | | | | 100 |
| Rektor | 100 | 100 | 100 | 100 |

*Tabell syner utvikling i tal tilsette ved ulike elevtal*

## Utviklingstrinn

For å gjennomføre dagleg drift i utviklingsfasa, har vi engasjert eksterne prosjektmedarbeidarar og medlemar i styret til utviklingsarbeid. Det er mykje som skal på plass i løpet av kort tid, og vi vil finne midlertidige løysingar for bustadar ved å nytte brakkeriggar til overnatting.

Vi må gjennomføre ombygging av kjøkken og matsal på Hylestad skule før oppstart av nytt skuleår i august 2019. Vi må og legge til rette for e-sportlinja.

På sikt vil vi bygge nye overnattingslokale, og gjerne bygg som har bærekraftige element. Mellom anna vil vi søke løysingar som har «smarte» system for oppvarming og materialar som er miljøvennlege, slik som til dømes tre.

For å kunne ha ei «normal» drift, må vi ha ei trinnvis utbygging, og vi vil ha utviklingstrinn over fleire år. Dei enkelte prosjekta har eigne planar, og kjem i tillegg til dette dokumentet.



Situasjonsplan Hylestad skule med brakkeriggar.




*Kart over tilleggsareal ved Hylestad skule.*



*Skuleområdet på Nomeland*

Planlagde aktivitetar:

2019

- Flytting av skule
- Oppretting av linje for Folkemusikk
- Planlegging utleige bygg og kurs- eigedomsselskap Hylestad Eigedom AS

2020

- Konsolidering og arbeid med vidare utvikling av skulen
- Når skulen er flytta og drift er prøvd ut, for skuleåret 2019-2020 er det naudsynt med evaluering av drift og organisering. Finne ut kva som fungerer og kva som må endrast og lage nye planer basert på dette.

2021

- Planlegging permanente overnattingsbygg med fokus innovasjon og bærekraft
- Vidareutvikle eksisterande linjetilbod- heile tida søke betre løysingar
- Vidareutvikling linjetilbod lastebil og luftsport

2022

- 1. byggetrinn, elevbustader
- Evaluering drift og tilbod
- Nye prosjekt

## Utviklingsprosjekt 2019

Styret i Setesdal Folkehøgskule har vedteke å sette i gang linje med folkemusikk. Det er gjennomført eit forprosjekt med innleidd kompetanse, og det er no lyst ut prosjektstilling på linjelærar for folkemusikk, for 1 år.

For å kunne utvikle eit best muleg tilbod, vil vi engasjere ein person i prosjektfasen som kan planlegge linja samt drive marknadsføring og utprøving av kursopplegg. Etablering av linje er planlagt skuleåret 2020/2021.




https://setesdalfhs.no/

## Økonomi

Inntektskjeldene til Setesdal Folkehøgskule kjem frå statlege tilskot basert på elevtal og bygningsmasse. I tillegg får vi inntekter som elevene betaler i skulepengar.

Våre største kostnadar er lønn, innkvartering av elever og leige av verkstad og internat. Linjefagsturar, som ofte er dent viktigaste tilbodet til våre elevar, er og ein stor kostnad for oss.

Vi har eigne bussar som er i dagleg bruk, desse må fornyast med jamne mellomrom.

Gjennom fleire år har vi hatt eit nøkternt budsjett, der vi har klart å setje av kapital til vidare utvikling. Delar av denne kapitalen vil vi nytte til vidare utvikling av skulen.

For å sikre kontinuerleg drift, må vi bruke kort tid på flytting av skulen frå Valle til Nomeland. Det krev mykje kapital, og vi vil søke om lån og tilskot for å kunne gjennomføre dette i 2019.

Kommunestyret i Valle har i møte 27.02.2019 vedteke å legge ned Hylestad skule og tilby Setesdal Folkehøgskule lokala for ein symbolsk sum. Det sikrar kommunen vidare bruk av bygningsmassen og vi får tilgang til større lokale på ein rimeleg måte. Det vil likevel bli store kostnadar med ombygging av kjøkken og etablering av overnattingsbygg.

Når Setesdal Folkehøgskule er etablert og i drift på Nomeland, vil vidare planlegging av bygningar og utvikling av skuletilbod fortsetje. Vårt mål om å finne innovative og bærekraftige løysingar skal ligge til grunn for dette arbeidet.

Vedtak Valle kommunestyre 27.02.2019:

**Vedtak:**

- Hylestad skule blir lagt ned innan 31.07.19. Elevane ved 1-7 trinn ved Hylestad skule blir flutt til Valle skule frå skulestart hausten 2019.
- Valle kommune gjev tilbod om SFO ved Valle skule lokalisert til skuleanlegget i Valle.
- Rådmannen orienterer kommunestyret om kostnader ved endring av skulestruktur i 1. tertial. Konsekvensar og eventuell budsjettregulering blir handsama i 2 tertial.
- Setesdal Folkehøgskule får tilbod om å overtake bygningar og tomt som er Hylestad skule i dag, vederlagsfritt. Rådmannen starte dialog med Setesdal Folkehøgskule om avhending av Hylestad skule og avtalefeste bruk av gymnastikksal. Rådmannen kjem tilbake med sak til kommunestyret
- Rådmannen kjem attende med utgreiing av tilbod med skyss for elevar i SFO til Hylestad.

## Organisering- Hylestad Eigedom AS

Styret i Setesdal folkehøgskule har vedtatt å etablere eigedomsselskap, Hylestad Eigedom AS. Selskapet skal ha ansvar for bygg og eigedom, og skal i tillegg drive med utleige av bygg i periodar der skulen  er stengt. Selskapet kan og drive med kurs og andre aktivitetar som ein finn føremålstenleg.

Tiltak oppsummert:

- Stiftinga Setesdal Folkehøgskule opprettar eit egedomsselskap, Hylestad Eigedom AS. Stiftinga går inn med aksjekapital pålydande kr. 1.000.000 og ansvarleg lån kr. 3.000.000.
- Hylestad Eigedom AS inngår avtale med Valle kommune om kjøp av Hylestad skule.
- Hylestad Eigedom AS kjøper tilleggsareal kring Hylestad skule, totalt 13,4 dekar av Knut H. Nomeland
- Hylestad Eigedom AS har same styre som stiftinga Setesdal Folkehøgskule. Vedtekter er godkjent av Valle kommune og Norges Motorsportsforbund, stiftarane av Setesdal Folkehøgskule
- Hylestad Eigedom skal drive med utleige av bygg og anlegg og elles aktivitetar som høyrar under slik drift.
- Hylestad Eigedom AS og  Stiftinga Setesdal Folkehøgskule inngår leigekontrakt.

Alle avtaler er vedlagt dette dokumentet.

## Investeringar 2019

I 2019 vil det vere store kostnadar knytt til flytting og etablering av Setesdal Folkehøgskule på Nomeland, tidlegare Hylestad skule. Vi skal etablere nytt overnattingstilbod, kjøkken  og matsal som er tilpassa 100 elever, rigge klasserom for e-sportlinje og vi skal sikre oss areal kring skulen til overnattingsbygg. Vi har og behov for parkeringsareal og lager.

I 2019-2021 vil det berre vere aktuelt med brakkerigg som løysing for overnatting, men vi skal bygge permanente bustader når skulen er i godt driv på nytt område. Planlegging av dette startar i 2020.

Under er det satt opp kostnadar i samband med etablering av skule, inkludert ombyggingar, grunnkaup og elevbustadar. Finansiering med eigenkapital, tilskot og lån.

**Skulen skal vere operativ i august 2019, og vi kan ikkje vente på tilskot, og må låne kapital til oppstart, i tillegg til bruk av eigenkapital:**

| | |
|---|---|
| **Eigenkapital** | **kr. 4.500.000** |
| **Lån** | **kr. 9.500.000** |
| **Sum** | **kr. 14.000.000** |

Kostnadar i 2019:

| **Aktivitet** | **Kostnad kroner** |
|---|---|
| Grunnkjøp | 1.075.000 |
| Vatn og avlaup | 650.000 |
| Straum, ute | 800.000 |
| Kjøp av brakkerigg, 44 stk. enkeltrom, Førde | 2.500.000 |
| Transport og montering av brakkerigg, Førde- Nomeland | 1.950.000 |
| Flytting og montering av leigd brakkerigg, Valle-Nomeland | 650.000 |
| Opparbeiding grunn, Nomeland- inkl. flytting husdyrhall | 750.000 |
| Klargjering klasserom E-sport, inkludert ekstra straumuttak og breiband | 450.000 |
| Utviding og ombygging kjøkken | 2.300.000 |
| Matsal, inkludert inventar, endring av vegger og golv | 400.000 |
| Styrkerom, gymnastikksal | 1.250.000 |
| Konsulenttenester, etablering av eigedomsselskap | 100.000 |
| Arbeid planlegging, møter og diverse søknadar, byggeleiing | 600.000 |
| Uføresett | 525.000 |
| Sum kapitalbehov | 14.000.0000 |

## Finansieringsplan 2019

| **Finansiering** | **Sum kr.** | **Merknad** |
|---|---:|---|
| Eigenkapital Setesdal Folkehøgskule | 4.000.000 | Etablering Hylestad Eigedom AS<br>Kjøp av grunn, opparbeiding areal og montering brakkeriggar |
| Tilskot Valle kommune | 3.000.000 | Investering bygg og anlegg<br>Konsulenttenester i samband med etablering Hylestad Eigedom AS |
| Setesdal Regionråd | 2.000.000 | Investering bygg og anlegg<br>Konsulenttenester i samband med etablering Hylestad Eigedom AS |
| Aust-Agder Fylkeskommune | 2.000.000 | Investering bygg og anlegg<br>Konsulenttenester i samband med etablering Hylestad Eigedom AS |
| Valle Sparebank | 3.000.000 | Kjøp av grunn<br>Investering bygg og anlegg |
| Sum finansiering | 14.000.000 | |

## Oppsummering

Setesdal Folkehøgskule ynskjer å vere ein aktiv samfunnsaktør, med målsetjing om å vere ein attraktiv skule og arbeidsplass. Vår aktivitet er basert på lokale ressursar og vi ynskjer å bidra til auka verdiskaping i Valle og Setesdal.

Setesdal Folkehøgskule er i sterk vekst, og har trong for meir lokale til undervisning, overnatting, kjøkken og opphaldsrom. Veksten er ynskt og det vert arbeidd aktivt for å utvikle skulen. Den ynska veksten er tufta på økonomiske vurderingar, der auka elevtal vil gi ein meir robust og føreseieleg økonomi.



## Vedlegg

Kommunestyrevedtak 27.02.2019 – nedlegging Hylestad skule

http://159.171.48.136/eInnsynValle/Dmb/ShowDmbDocument?mId=148&documentTypeId=MP

PP- frå 10.04.19

Vedtekter sendt til høyring Valle kommune og Norges motorsportforbund

Følgebrev vedtekter til høyring

Særutskrift høyring reviderte vedtekter for SFH- Valle kommune

Selskapsdokument Hylestad eigedom AS

Avtale kjøp av grunn- Hylestad eigedom AS og Knut H. Nomeland

Protokoll planutvalet, mellombels løyve brakkerigg

Stadfesting innbetalt aksjekapital Hylsestad Eigedom AS- Valle Sparebank

Leigekontrakt Hylestad Eigedom ASA og Setesdal Folkehøgskule

Høyringsuttale vedtekter, NMF

Godkjenning av avtale kjøp av eigedom- Valle kommune og Hylestad Eigedom AS

Avtale kjøp av eigedom, Valle kommune og Hylestad Eigedom AS

Budsjett2019

Saksmappenr: 2019/48 - 2
Arkiv:
Sakshandsamar: Rita Hansen

# *Saksframlegg*

# *Setesdal regionråd*

| ***Saksnummer*** | ***Utval*** | ***Møtedato*** |
|---|---|---|
| 80/19 | Setesdal Regionråd - Styre | 06.11.2019 |
| | | |

## Søknad om etableringstilskott - Kallhovd Sveis AS

**Dagleg leiar tilrår:**

Styret løyver kr 200.000, - i investeringsstøtte til Kallhovd AS. Det er ein føresetnad at Kallhovd AS er oppretta før støtta kan utbetalast. Løyvinga dekkast frå ansvar 5000, ledig ramme. Det er ein føresetnad at Bygland kommune løyver det same.

## *Saksutgreiing:*

**1. Bakgrunn for saka**

I søknad datera 29.09.19 søker Kallhovd AS om totalt kr. 400.000,- i etableringsstøtte frå Setesdal regionråd og Bygland kommune.

**2. Saksopplysningar**

Kallhovd AS blir eit nydanna aksjeselskap, der Geir Olav Kallhovd og Johnny Mossing vil gå inn med 50% kvar. Dei har no ein moglegheit til å kjøpe tomt, bygg og ein maskinpark på Byglandsfjord, tidlegare nytta av SP Stål. Forretningsideen er kjerneverksemd innan sveis og blikk, men dei vil tilby tenester innan bilmekanikk, tektulering, hydraulikk, lakkering og andre område.

Geir Olav Kallhovd har med seg eit solid kundegrunnlag (omlag 200), hovudsakleg frå regionen, både private og offentlege. Han er utdanna sveisar og har vore sjølvstendig næringsdrivande i 8 år. Tidlegare har han jobbe ved Evje Mekaniske i 10, samt i Nordsjøen. Johnny Mossing er utdanna mekanikar og hydraulikar, og har tidlegare jobba ved Evje Bil, mellom anna som teknisk leiar.

Verksemda vil ved denne etableringa bestå av fire tilsette, inklusiv Kallhovd og Mossing. Verksemda har eit klart mål om å auke aktivitetsnivået og tal på tilsette.

Kapitalbehovet til investering og etablering ligg på 3.850.000, og dei søker om støtte på 400.000. Dei søker ikkje om anna offentleg støtte. Søknad ligg som vedlegg til saka.

**3. Vurderingar**

Etableringa av Kallhovd AS, med investeringa i verkstad, tomt og maskinpark vil bidra til nye arbeidsplassar, og gje grunnlag for vidare vekst. Ved at lokale folk overtek bygg og maskinpark sørgar ein for at anleggsmidlane forblir på staden, i staden for å bli selt bort. Ein sikrar dermed vidare aktivitet og næringsverksemd i bygget på Byglandsfjord.

Opprettinga av dette aksjeselskapet representerer risikovilje, men også tru på forretningsideen. Enkelpersonforetaket Kallhovd har hatt ei jamn auke i omsetning og resultat dei siste åra, og er eit godt utgangspunkt for denne vidare satsinga. Dei er likevel avhengig av noko offentleg støtte for å realisere planane.

Dagleg leiar har delteke på fleire møte med Bygland kommune og Geir Oav Kallhovd i haust. Vi har fått opplyst at også administrasjonen i Bygland kommune gjeng inn for å støtte verksemda med kr 200.000,-.

På dette grunnlag tilrår administrasjonen at styret i Setesdal regionråd løyver 200.000 i etableringstøtte til Kallhovd AS.

Vedtak sendast til:

Kallhovd Sveis AS
Bygland kommune

Valle, den 30.10.2019

Rita Hansen
dagleg leiar
Vedlegg
2 Søknad om etableringstilskudd Kallhovd Sveis AS

**Fra:** Kallhovd Sveis (kallhovdsveis@gmail.com)
**Sendt:** 29.10.2019 17:40:51
**Til:** Aasmund Lauvdal; Liv Åsne Austad Andersen; Knut Olav Forgard; Rita Hansen
**Kopi:** Setesdal Vekst

**Emne:** Søknad om etableringstilskudd fra Kallhovd Sveis AS
**Vedlegg:** Søknad om etableringstilskudd Kallhovd Sveis AS.docx

Til Bygland kommune og Setesdal Regionråd.

Vedlagt er søknad om etableringstilskudd.

Vi håper på hurtig behandling og positiv tilbakemelding.

Med vennlig hilsen

Geir Olav Kallhovd og Johnny Mossing

# Søknad til
# Bygland kommune
# og
# Setesdal Regionråd
# med
# Forretningsplan
# Kallhovd Sveis AS

*29. oktober 2019*

Innholdsfortegnelse

1 Søknad ....3
2 Innledning ....3
2.1 Sammendrag ....3
2.2 Initiativtakere og nøkkelpersonell ....3
2.3 Firma ....3
3 Visjon og forretningsidé og visjon ....3
4 Markedsvurdering ....4
4.1 Bransje og kunder ....4
4.2 Konkurrenter og marked ....4
5 Produkt og tjenestebeskrivelse ....4
6 Målsettinger ....4
7 Markedsføring og salg ....5
8 Organisasjon og kompetansebehov ....5
9 Økonomi (budsjetter, kapitalbehov, finansiering) ....5
10 Fremdriftsplan ....6

# 1 Søknad

Geir Olav Kallhovd og Johnny Mossing søker herved Bygland kommune og Setesdal Regionråd om til sammen kr 400 000,- i etableringsstøtte til selskapet Kallhovd Sveis AS som vil være eid av Kallhovd og Mossing med 50% aksjer hver.

# 2 Innledning

## *2.1 Sammendrag*

Etter å ha drevet i 8 år som selvstendig næringsdrivende så har muligheten nå kommet til å utvide bedriften siden tomt, næringslokaler og maskinpark er til salgs samt at Geir Olav Kallhovd har fått med seg en forretningspartner, Johnny Mossing.

Kallhovd Sveis AS blir et nyoppstartet selskap fra januar 2020 hvor primær aktiviteten er sveis og blikk.

Geir Olav Kallhovd har drevet som selvstendig næringsdrivende siden 2010 innen sveis og blikk og er anerkjent i Setesdal for sitt arbeid. Han har opparbeidet en stor kundeliste ikke bare i kommunen og nærliggende kommuner men hele regionen. Han er kjent i markedet som en pålitelig leverandør som leverer kvalitet.

Johnny Mossing har siden 1997 opparbeidet lang arbeidserfaring fra store norske bedrifter innen mekanikk og hydraulikk. Han vil tilføre bedriften et nytt forretningsområde innen mekanikk og hydraulikk, noe som er sterkt etterspurt av Kallhovd sin kundeliste.

## *2.2 Initiativtakere og nøkkelpersonell*

Initiativtakerne er Geir Olav Kallhovd og Johnny Mossing som vil eie 50% hver i det nye aksjeselskapet Kallhovd Sveis AS.

Geir Olav Kallhovd har drevet som selvstendig næringsdrivende i 8 år og har tidligere arbeidet for Evje Mekaniske i 10 år, Nordsjøen i 5 år og er utdannet sveiser.

Johnny Mossing utdannet bilmekaniker, er sertifisert og har også sertifiseringer innen hydraulikk. Han har arbeidet som mekaniker og hydrauliker siden 1997 for selskaper som Hydramarine, TTS, Cameron og Stolt Offshore. I tillegg har han vært teknisk leder for Evje Bil og arbeidet 4 år som software ingeniør.

## *2.3 Firma*

Firmaets navn blir Kallhovd Sveis AS som igjen vil eie 100% av aksjene i Stega Eiendom AS. Selskapsstrukturen har blitt designet av revisjonsselskapet RSM for å sikre juridiske og skattemessige forhold. Setesdal Vekst og Evje og Hornnes Sparebank har vært sparringspartnere under hele prosessen.

# 3 Visjon og forretningsidé og visjon

Visjonen for selskapet er å bli en ledende aktør i Agder innen sveis og blikk.

Etter mange år som selvstendig næringsdrivende er dette ingen ny ide men en ekspansjon av et eksisterende forretningsområde, et forretningsområde som er i vekst.

I tillegg vil man utvide forretningsområdet til andre tjenester siden en av partnerne besitter annen kompetanse enn sveis og blikk.

Videre satser man på innovativ produktutvikling.
Prototyper er allerede produsert og testes nå for sitt salgs- og markeds potensiale.
Tilbakemeldingene p.t. er svært lovende.

# 4 Markedsvurdering

### *4.1 Bransje og kunder*

Sveis og blikk er en bransje som det alltid vil være behov for, det være seg bedrifts og privatkunder.

Bedriftskunder i dag er fra offentlig etat og bedrifter som f.eks. Statens Vegvesen.

Etter mange år som selvstendig næringsdrivende har Kallhovd opparbeidet en solid kundeliste som i dag består av 200 kunder. Kundene er primært fra Bygland og Evje og Hornnes kommune men økende tilslag av kunder fra hele Setesdal og Agder regionen forøvrig.

### *4.2 Konkurrenter og marked*

Det er i dag ingen konkurrenter i dette markedet i Bygland og Evje og Hornnes.

Da det ikke er konkurrenter ansees markedsandelen å være opp mot 100%.

Totalmarkedet er primært hele Setesdal men bedrifter utenfor Setesdal benytter seg i økende grad av Kallhovd sine produkter og tjenester slik at totalt nedslagsfelt fort kan bli regionen Ager.

# 5 Produkt og tjenestebeskrivelse

Primær aktiviteter er sveis og blikk. Sekundær aktiviteter retter seg mot innovasjon, nye forretningsområder og ytterligere sertifiseringer.

Bilmekaniker, tektulering og hydraulikk, samt reparasjoner, lakkering, bilservice og dekkhotell er nye forretningsområder.

Til bedriftsmarkedet er tjenestene som tilbys:
- Sveis, platearbeid, blikkenslager, sandblåsing og lakkering

Til privatmarkedet tilbys:
- Blikk og sveisegass (Airliquid)

# 6 Målsettinger

<u>Kortsiktige mål 1-3 år</u>

- Etablere bedriften
- Øke kundemassen, omsetning og inntjening
- Øke antall arbeidsplasser
- Utvide forretningsområdet med nye tjenester

Langsiktige mål 5-10 år

- Lønnsom bedrift med trygge arbeidsplasser
- Utvide markedsområdet til hele Agder

# 7 Markedsføring og salg

Kallhovd Sveis AS har 3 segmenter; offentlig etat, bedrifter/næringsliv og privatmarkedet.

Den primære markedsføringskanalen vil være sosiale medier, da dette allerede har vist seg å være en riktig markedsførings- og salgskanal for å skaffe kunder. Sekundært vil lokal presse og «jungeltelegrafen» bli benyttet.

# 8 Organisasjon og kompetansebehov

Organisasjonen vil ved bestå av totalt 4 personer inklusiv Kallhovd og Mossing. Antall ansatte vil øke i tråd med ordremengden og økt kundemasse.

# 9 Økonomi (budsjetter, kapitalbehov, finansiering)

Kallhovds Sveis som enkeltmannsforetak kan vise til en positiv utvikling siden 2016.

| | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | 1 150 716 | 1 884 424 | 2 100 230 |
| Driftsresultat | 281 506 | 757 427 | 510 682 |

Reduksjon i driftsresultatet 2018 fra 2017 skyldes i hovedsak tap på en stor kunde.

**Økonomiske kommentarer til drift pr. august 2019:**
Regnskapet pr. august 2019 viser et overskudd hittil i år som er kr. 549.397 høyere enn samme tid i fjor. Omsetning hittil i år sammenlignet med samme tid i fjor har steget med kr. 662.371 mens vareforbruket er kr 151.941 lavere enn samme tid i fjor.

| **Investeringer** | |
|---|---|
| Eiendom (Stega Eiendom AS) | 2 600 000,00 |
| Maskinpark | 1 250 000,00 |
| Totale investeringer | **3 850 000,00** |
| Egenkapital | 600 000,00 |
| Salg av overflødig utstyr | 300 000,00 |
| Etableringstilskudd fra BK/SR | 400 000,00 |
| **Finansiert av bank** | **2 550 000,00** |

| **Driftsbudsjett 2020** | **Totalt** |
|---|---|
| Inntekter | 4 500 000 |
| Varekostnad | 1 000 000 |
| **Dekningsbidrag** | **3 500 000** |
| Sum driftskostnader | 3 327 500 |
| **Periodens resultat** | **172 500** |

Driftsbudsjettet er hensyntatt fullfinansiering av bank på kr 3 850 000 slik at periodens resultat forventes høyere da man gjennom året forventer nedkvittering av gjeld.

Driftsbudsjettet har tatt utgangspunkt i Kallhovd sine regnskapstall pr. august 2019 dog hensyntatt økning i antall ansatte (brutto lønnsutgifter), vareforbruk og andre relevante driftskostnader samt avskrivninger på anskaffelser av eiendom og maskiner og finanskostnader for lån til eiendom og maskinpark.

# 10 Fremdriftsplan

**Oktober 2019**
Beslutte selskapsstruktur
Sikre finansiering
Signere kontrakter med selger og bank
Komme i orden i nye lokaler

**November og desember 2019**
Tilrettelegging for ny drift
Markedsføring og salg

**Januar 2020**
Kallhovd Sveis AS etablert

Saksmappenr: 2019/21 - 9
Arkiv:
Sakshandsamar: Runar Granheim

# *Saksframlegg*

# *Setesdal regionråd*

| ***Saksnummer*** | ***Utval*** | ***Møtedato*** |
|---|---|---|
| 81/19 | Setesdal Regionråd - Styre | 06.11.2019 |
| | | |

## Svar på søknad om støtte til Norstill AS

**Dagleg leiar tilrår:**

Setesdal regionråd løyver kr **200.000,-** i etableringsstøtte til Norstill AS, med føresetnad om at produksjon og aktivitetar vil foregå i Brokke, og som skissert i søknaden.

Utbetaling skjer elles på vanlege vilkår, med dokumenterte kostnadar, aktivitetar og ein prosjektrapport. **Løyvinga hentast frå ledig ramme, ansvar 5000**.

## *Saksutgreiing:*

**1. Bakgrunn for saka**

Norstill As er eit nyoppretta aksjeselskap, og arbeider med å etablere eit destilleri (og besøkstad) i Brokke i Valle kommune. Konseptet gjeng ut på oppstart og drift av eit «fjelldestilleri» for produksjon av drikke med ymse alkoholstyrke, og som i tillegg skal vere eit opplevingssenter knytta til Brokkestøylen og området rundt. I fyrste omgang tek dei sikte på å produsere gin basert på lokale råvarer. Gin er sprit med rundt 40% alkoholstyrke, smaksett med mellom anna einer og ymse urtar. Dei vil sette i stand ein gammal låve og gjere denne til produksjonstad. Søkaren seier at Norstill As vil ha eit fokus på ein internasjonal marknad, og har ei målsetting om å kunne skape 4 arbeidsplassar frå 2. år. Opplevingssenteret er også knytta til Brokkestøylen, som er ein kafè og overnattingsstad, mellom anna med «domar»,- telt som kan overnattast i heile året. Brokkestøylen tilbyr også eventar og turar for ymse firma og grupper, og satsar på kortreist mat.

## 2. Saksopplysningar

Søknaden er datert 24.04.2019, via søknadsportalen til regionalt næringsfond. Norstill As søker Setesdal regionråd om 200.000 i etableringsstøtte. Selskapet Norstill As er oppretta med førebels eigenkapital på 200.000. Aksjonærar i Norstill er førebels Erik Berglihn og Thore Berthelsen med 50 % kvar. Søkaren opplyser i e-post datert 3.06.2019 at Jon Ajaxson Larsen og Raymond Østtorp også skal kjøpe seg inn Norstill AS, då med 150.000 kvar, som skal utgjere 15% kvar av aksjene. I e-post datert 19.06 stadfestar Jon A Larsen si deltaking i selskapet.

Dei har vidare etablert eit samarbeid med Sintef (Trondheim), for rådgjeving med tanke på marknad, utstyr, kvalitetsikring og faglege råd.

**Økonomi**

Søknaden legg opp til ein investeringsplan på 7,82 mill. Norstill AS søker Setesdal regionråd om kr 200.000,-. Dei legg også opp til å søke Innovasjon Norge om risikolån på 2 mill, andre støtteordninger om 200.000, og så vil dei søke om Skattefunn, 400.000. Resten er planlagt som eigenkapital og emisjonar, mellom anna ved å sleppe fleire investorar til.

**Tidsplan**

Dei brukar 2019 på å teste ut ymse produkt. Berglihn oppgjev i e-post datert 13.10 at utstyr til testproduksjon er kjøpt inn, og at prøveproduksjonen vil vere i gong innan nyttår 2019. Planen er driftstart våren 2020, avhengig av om dei får høve til å bruke dei områda dei ynskjer.

**Reguleringsplan**

Reguleringsplan /godkjenning for området Norstill ynskjer å sette opp hus til brygging er ikkje ferdig handsama pr 13.10. Om denne trekk ut i tid, oppgjev Berglihn at produksjon vil skje via Brokkestøylen, som i dag har skjenkeløyve, med midlertidige men tilstrekkelege løysingar, mellom anna mtp lagring.

## 3. Vurderingar

Søkaren legg opp til heilårs arbeidsplassar for opptil 4 personar etter 2. driftsår.
Vi kjenner ikkje til andre som har prøvd noko slikt i Setesdal. Bygland Bryggeri med forretningsadresse på Bygland brygger øl. Dei er også opptekne av lokale råvarer, som til dømes korn, humle, einer osb. Ose Water satsar også på ein internasjonal marknad.
Felles for desse er at dei saman med produktet også sel ei historie, om reinheit, naturlege og lokale råvarar, og om Setesdal. Vi trur at også Norstill kan gje positiv merksemd for Setesdal, og bygge opp rundt Setesdal som merkevare innan lokal mat og drikke. I tillegg vil som nemnt Norstill satse på å vere eit besøkssenter i Brokke. Det er eit stort og aukande aktivitetsnivå i Brokke, med mykje hyttebygging, alpinanlegg, løypenett m.m. Det er mange besøkande i området heile året, i sommarhalvåret er det også mykje trafikk på vegen Brokke-Suleskar. Samla gjev dette både Norstill og Brokkestøylen (og området for øvrig) fleire bein å stå på.
Vi ser at fleire aksjonærar er inne i prosjektet og i Norstill AS, noko som vitnar om risikovilje og tru på prosjektet.

Administrasjonen tilrår med dette at styret løyver støtte til dette prosjektet.

Vedtak sendast til:

Norstill AS

Valle, den 14.10.2019

Rita Hansen

dagleg leiar

1 Soknad-2019-0017

Saksmappenr: 2018/70 - 19
Arkiv:
Sakshandsamar: Runar Granheim

# *Saksframlegg*

# *Setesdal regionråd*

| ***Saksnummer*** | ***Utval*** | ***Møtedato*** |
|---|---|---|
| 82/19 | Setesdal Regionråd - Styre | 06.11.2019 |

## Tildeling støtteordning for arrangement i Setesdal, haust 2019

**Dagleg leiar tilrår:**

1. Ungdomsmesterskap for løshund 2019 og NM i løshund 2020 får samla 25.000,- i støtte. Støtta kan brukast til PR/marknadsføring.

2. Julehuset på Hornnes får 10.900,- i støtte. Støtta kan brukast til arbeid med logo og innkjøp av profileringsmateriell.

3. Ose Matmarknad får 10.000,- i støtte. Støtta kan nyttast til tilrettelegging for borneaktivitetar, marknadsføring og marknadsføring.

Støtta utbetalast frå ansvar 5301, prosjekt «arrangementstøtte».
I tillegg tilrår dagleg leiar at restmidlene knytta til arrangementstøtte-ordninga blir overført til same formål i 2020.

## *Saksutgreiing:*

**1. Bakgrunn for saka**
I PS 76/18, styremøte 07.11.208 vart retningsliner for støtteordning til arrangement vedtekne. Det vert sett av 200.000 til økonomisk ramme til dette for 2019. Hensikta er å stø opp om arrangement som fremmar omdømme, skapar trivsel, tilknyting og deltaking, samt at gode arrangement gjev positive ringverknader for lokalt næringsliv.

**2. Saksopplysningar**

Det har kome inn 3 søknader. Dei som har søkt er følgande:

1. Ungdomsmesterskap for løshund 2019 og NM i løshund 2020

Aust-Agder Elghundklubb og Vest-Agder Elghundklubb står saman i desse arrangementa. Ungdomsmesterskapet (UM) 2019 er for hundeførarar under 25 år, og arrangerast 11-12 november 2019. Det er venta at UM vil samle 17 deltakarar, like mange dommarar, like mange kjentmenn og ein solid stab.
Noregsmeiserskapet arrangerast i september 2020. Her er det venta omlag 30 deltakarar, 30 dommarar og 30 kjentmenn, i tillegg til stab.
Arrangementet foregår i nedre Setesdal, med samlingsplass på TrollAktiv. Samlingsplassen er open for publikum der ein også kan følge aktivitetane på storskjerm. Aktivitetane foregår i naturen, der lokale grunneigarar stiller sine terreng til disposisjon («dei beste elgterrenga»). Arrangementa køyrast som «Tracker-live», som vil seie at folk over heile Norden kan følge hundane i skogen på eigen pc eller smart-telefon.
Begge meisterskapa arrangerast av Norske Elghunders Forbund, og gjeng på rundgang rundt i Noreg. I år er det altså Agders tur, og dei har valt å legge dette til Setesdal.
Dei søker om støtte til begge arrangementa, mellom anna til bevertning, premier, losji, deltakarvester, pr osb. Kostnadane som mest relevante for støtteordninga er knytta til PR, og ligg på totalt 90.000 for begge arrangementa
Totalt budsjett for UM ligg på i overkant av 191.000. Totalt budsjett for NM ligg på i overkant av 330.000. Inntektene kjem i form av deltakaravgift og sponsorinntekter, men dekker ikkje alle utgiftene. Dei søker Setesdal regionråd om 25.000 til kvart arrangement, 50.000 totalt.

2. Julehuset på Hornnes

«Julehuset» på Hornnes starta opp i 2011. Hus og tomt blir pynta opp med nye tema kvart år, med høgtideleg opning og «folkefest» i starten av desember kvart år, gjerne med fyrverkeri og spektakulære lysshow. Kvart år har dei eige tema, som til dømes i 2016 då temaet var Frost (frå Disney-filmen). I tillegg har dei fått laga ein eigen «julehus-låt». I 2012 var det omlag 50 perosnar på opninga. I 2016 var det omlag 800 personar, og i 2018 rundt 1200 personar.
I overkant av 1000 menneske kjem på desse opningane, som også blir gjerne blir dekka av Nrk, Fædrelandsvennen og VG. Radiokanalen P4 dekka kåringa av huset som Noregs finaste julehus. I tillegg har Julehuset hatt eige opplegg for born på barnevdelinga ved Sørlandet Sykehus.
Arrangementet har blitt sponsa av lokalt næringsliv og frivillige. Røde kors, brannvesen og politi er med og støttar arrangementet i gjennomføringa.
Arrangørane skal i haust til Cape Town der dei har blitt invitert for å pynte eit hotell til jol. I tillegg har dei oppdrag lokalt for å hjelpe til med å pynte hotell og liknande til jol.
Julehuset er blitt ein attraksjon i Nedre Setesdal, og har etter kvart blitt ein ny og eigen tradisjon i nedre Setesdal.
Dei søker no om støtte til utvikle ein logo og for å få laga profileringsmateriell, samt om støtte til å fremme arrangementet på sosiale medier, dei søker om 10.900.

3. Ose Matmarknad

Ose Matmarknad har halde på sidan 1995, og blir arrangert av Ose Mat og Kultur. Ose Mat og Kultur blei skipa til i 1994. Marknaden er basert på tradisjonar innan mat, husflid, kunsthandverk og kultur. Sommaren 2019 var det 25 års jubileum, og dei har valt å ha fleire aktivitetar for born. Totalt budsjett for Ose Mat og Kultur ligg på 185.000, og dei søker om 10.000 kr støtte.

**3. Vurderingar**

I den totale ramma til støtte for arrangement ligg kr 200.000,-. Ordninga har to søknadsfreistar, ein for vår/sommar og ein for haust/vinter. Me har difor lagt opp til at 100.000 kan fordelast kvar gong. Erfaringsmessig skjer det gjerne meir i vår/sommarsesongen, men me ynskjer også meir aktivitet i stille periodar, utanom dei vanlege turistsesongane. I vår fekk vi inn 9 søknadar, der 6 fekk innvilga støtte på totalt 100.000.

Søknadane har oppfylt kriteria i retningslinene.
Hundemeisterskapa har høve til å kunne marknadsføre Setesdal på ein positiv måte i eit segment med mykje interesse i Noreg, og som eit attraktivt område å legge slike «naturbaserte» arrangement til.
Julehuset er blitt ein eigen attraksjon i Nedre Setesdal, og har utvikla seg til å vere ein eigen tradisjon. Arrangementet er særleg eigna for born, og får både regional og nasjonal merksemd. Julehuset skal vidareutviklast framover, og arbeid med profilering og merkevara er viktig i dette arbeidet.
Ose Matmarknad er eit fast innslag på Ose kvar sommar, og fokuserar på lokal mat, husflid og kultur, og samlar folk frå heile regionen. Konkret arbeid med programinnhald for born og unge er eit ledd i å vidareutvikle Ose Matmarknad vidare.
Vår tilråding til fordeling av middel er slik:

Ungdomsmesterskap for løshund 2019 og NM i løshund 2020 får samla 20.000 i støtte. Støtta kan brukast til PR/marknadsføring.

Julehuset på Hornnes får 10.900 i støtte. Støtta kan brukast til arbeid med logo og innkjøp av profileringsmateriell.

Ose Matmarknad får 10.000,- i støtte. Støtta kan nyttast til tilrettelegging for borneaktivitetar, marknadsføring og marknadsføring

I tillegg tilrår vi at restmidlene til arrangement-støtte overførast til 2020, for vidare satsing på arrangement i Setesdal.

Vedtak sendast til:

1. Aust Agder Elghundklubb

Aust-Agder Elghundklubb
Balders vei 10

4846 Arendal
E-post:
kjell.arild.haugen@komatsuforest.com

2. Julehuset på Hornnes

Kjell Rune Strømstad
Kjetsåvegen 1
4737 Hornnes
E-post:
krstromstad@hotmail.com

3. Ose Matmarknad

Ose Mat og Kultur v/ Vigdis Beisland
Org.nr: 987 856 564
E-post: vigdisbeisland@hotmail.com

Valle, den 24.10.2019

Rita Hansen
dagleg leiar

Saksmappenr: 2019/31 - 8
Arkiv:
Sakshandsamar: Runar Granheim

# *Saksframlegg*

# *Setesdal regionråd*

| ***Saksnummer*** | ***Utval*** | ***Møtedato*** |
|---|---|---|
| 83/19 | Setesdal Regionråd - Styre | 06.11.2019 |
| | | |

## Svar på klage på vedtak frå Gro Oddny Helle

**Dagleg leiar tilrår:**

Styret godkjenner administrasjonens svar på klage frå Gro Oddny Helle. Tilsagnet på 75.000 vert ståande.

## *Saksutgreiing:*

**1. Bakgrunn for saka**

Gro Oddny Helle fekk tilsagn om 75.000 kr, i delegert vedtak ref 2019/31-4. Søkaren sendte ei klage på dette vedtaket 23.09.2019. Klaga gjeng ut på at søkaren ber om ei begrunning for «ulike satsar på støtte» frå Regionrådet. Regionrådet har praksis for å handsame klager på line med forvaltingsvedtak. Klagen blir såleist lagt fram for overordna organ, styret, for endeleg avgjerd.

**2. Saksopplysningar**

Gro Oddny Helle søkte om støtte til etablering av bakeri på Helle i søknad datera 08.07.2019. I e-post 24.07.2109 oppgjev rådgjevar i Norsk Landbruksrådgivning, Knut Sigurd Haugå, at likelydande søknad også vart sendt til Valle kommune og Innovasjon Norge, og at dei reikna med ei koordinert sakshandsaming. Det vart søkt om eit samla tilskot på 35 % av kostnadsoverslaget.
Prosjektet gjeng ut på å etablere eit bakeri på garden på Helle for produksjon av tradisjonsmat og andre bakarvarer. I tillegg vil søkar bygge opp ei eiga røykstoge, til foredling av lam frå garden.

Investeringane knytta til bakeriet er i følge søknaden på totalt 1.500.000, inkludert kostnader til å sette opp ei røykstoge.
I klagen samanliknar søkaren saka med Nordibø Landhandel, som fekk 400.000 i støtte frå Setesdal regionråd, noko som i den saka utgjorde ein andel på i overkant av 15% av investeringsbehovet. Støtta på 75.000 til etablering av bakeri på Helle utgjer 5 % av investeringsbehovet. Det er denne skilnaden søkaren ber om ei forklaring på.

Administrasjonen har i handsaminga av denne saka hatt kontakt med både Innovasjon Norge og Valle kommune. Søkaren fekk innvilga ei støtte på kr 120.000,- i formannskapet i Valle kommune den 04.09.2019. I forkant av dette møtet i formannskapet fekk vi opplyst (munnleg) at det frå administrasjonen i Valle kommune ville kome ei tilråding om å støtte prosjektet med kr 75.000,-.

Innovasjon Norge har gjeve tilbod om økonomisk støtte på kr 300.000 i etableringstilskot, mellom anna knytta til etablering og til å dekke kursing og kompetanseheving o.l. Tilskotet frå Innovasjon Norge kan forøvrig *ikkje* nyttast til dei fysiske investeringane. Årsaka til at dette er at prosjektet vart igongsett før søknaden vart sendt/handsama. Det kjem klart fram av retningslinene til Innovasjon Norge at dei ikkje gje støtte til fysiske investeringar som er igongsett før søknaden er handsama, (https://www.innovasjonnorge.no/no/tjenester/landbruk/finansiering-for-landbruket/tilleggsnaring/). Vi har fått opplyst at også dette tilsagnet er påklaga.

**3. Vurderingar**

Næringsutvikling er ein av Setesdal regionråds aller viktigaste arbeidsområde, med eit klart mål om å bidra til meir aktivitet, fleire arbeidsplassar og økonomisk vekst.

Administrasjonen handsamar næringssakene skjønsmessig, og som hovudregel i samarbeid eller dialog med den aktuelle kommunen, Innovasjon Norge og/eller Aust-Agder Fylkeskommune.
Når det gjeld retningsliner har vi både overordna føringar for regionalt næringsfond, som ligg tilgjengeleg både på våre heimesider og i søkeportalen til næringsfondet, sjå til dømes denne lenka (http://www.setesdal.no/regionalt-naeringsfond-for-setesdal-2019.6159216-296053.html).
I tillegg kjem ymse lovverk, mellom anna EØS reglane i høve offentleg støtte, - som omhandlar beløpsgrenser, kva som kan støttast, konkurransevriding osb.

Dessutan følger vi ymse «normative» rutinar/retningsliner når det gjeld økonomisk støtte til næringsutvikling. Til dømes maksimalt opp til 30% støtte på fysiske investeringar, opptil 50% støtte på marknadsføringstilta, etablerarstøtte, forprosjekt og marknadsavklaring (mjuke investeringar).
I tillegg må vi i ei kvar sak vurdere i kva grad ei eventuell støtte vil kunne virke konkurransevridande.
Generelt når vi handsamar næringssaker vurderer vi i tillegg til dei overordna føringane for næringsfondet, mellom anna etter desse kriteria:

- Forretningsplan og mål: marknad, moglegheiter, risiko, kundegrunnlag o.l.
- Investeringsbehov og finansieringsplan: risikovilje/risikodeling
- Ambisjonar/mål og risiko: I kva grad tiltaket skapar arbeidsplassar,- heiltid eller deltid, kva ambisjonsnivå søkar legg opp til i driftsplanar og utvikling.
- Lønsemd og potensiale for vekst og verdiskaping/sysselsetting
- Nyetablering eller utvikling/utviding: Er verksemda ny, er det ein ny idè/marknad, konkurransevriding o.l.
- Utløysande: Er offentleg støtte naudsynt for at prosjektet blir realisert. I dette ligg det at eit prosjekt ikkje kan/bør vere igongsett før søknad er sendt og handsama.
- Dialog med kommunane, Innovasjon Norge og/eller fylkeskommunen eller andre aktuelle aktørar i vår handsaming av næringssaker.

**Konkret om saka:**

Administrasjonen ser svært positivt på satsinga med å sette opp eit bakeri på Helle. I satsinga ligg det ein plan om å kunne produsere bakarvarer på ein effektiv og trygg måte. Satsinga vil kunne gje søkaren grunnlag for ei god tilleggsnæring til garden.

Vi vurderer dette *nettopp* som ei tilleggsnæring, og ikkje som ei satsing som aleine skapar ei eller fleire (fulle) stillingar. Risikoen i investeringa er knytta opp mot kapasitet, samt at den lokale marknaden er «avgrensa», samt ei eventuell auke i rentekostnadane. At bygginga vart igongsett før vi fekk søknaden kunne dessutan tyde på at økonomisk støtte ikkje nødvendigvis var utløysande for realisering.

Administrasjonen gjekk likevel inn for løyve kr 75.000,- som delegert sak,  i investeringstøtte til bakeriet på Helle, og valgte med det å legge oss på same nivå som i innstillinga frå administrasjonen i Valle kommune.

Saka om Nordibø Landhandel vart handsama politisk, i styremøte i februar 2019 (PS 15/19), og fekk kr 400.000,- i støtte frå Setesdal regionråd. Nordibø Landhandel er ei stor satsing både når det gjeld risikovilje, investeringar og ambisjonsnivå, og med eit ambisiøst driftsbudsjett og aktivitetsnivå allereie frå dag ein, mellom anna med ein plan om fleire tilsette. Nordibø Landhandel representerar også nytenking, og svarte på eit etterlengta behov for ein tydeleg salskanal og butikklokale for lokal mat m.m.

Ei anna sak vi tok med i vurderinga av denne saka, er saka om støtte til gardsbutikk på Heimigard Rysstad (Ps 80/18). Saka gjaldt bygging av lokale til gardsutsalg,- støtte til reine fysiske investeringar. Heimigard Rysstad fekk innvilga kr 50.000,-  samt at retningsliner for støtte til gardsutsalg vart vedtekne. Desse seier at Regionrådet kan støtte fysiske investeringar knytta til gardsutsalg med inntil 10%, maksimalt opptil kr 50.000,-. Vi vurderte det slik at sakene ikkje kunne samanliknast direkte, men handlar i det store om det same,- tilleggsnæring på gardsbruk.

Det er altså slik at administrasjonen i Regionrådet vurderer dei ulike næringssakene kvar for seg, med fokus på investeringsbehov, risikovilje, verdiskaping og sysselsetting.

Det er ikkje mogleg å handsame alle næringssaker over same lest, som til dømes same støtteandel i alle saker. Vi må prioritere mellom saker, og vurdere utifrå dei retningslinene og føringane, samt innanfor budsjettramma vi har tilgjengeleg. Som regel handsamar vi som sagt også næringssaker i dialog/samarbeid med den aktuelle kommunen og andre aktuelle aktørar i støtteapparatet. Det gjorde vi også i denne saka.

Vi tilrår med dette at støtta på kr 75.000,- vert ståande, og at dette svaret på klagen blir godkjent av styret i Setesdal regionråd.

Vedtak sendast til:
Gro Oddny Helle

Valle, den  18.10.2019

Rita Hansen
dagleg leiar

| | |
|---|---|
| 1 | Angåande klagesak |
| 2 | Klage på vedtak. |
| 3 | Svar på søknad om støtte til bakeri på Helle |
| 5 | Søknad om støtte til bakeri på Helle |

6 vedlegg

**Fra:** Gro Oddny Helle (grooddnyhelle@gmail.com)
**Sendt:** 13.10.2019 12.53.29
**Til:** Runar Flåt Granheim
**Kopi:**

**Emne:** Re: Angående klagesak
**Vedlegg:**
Hei!
Denne saka ønsker eg at skal behandlast politisk.

Mvh
Helle lefser og bakevarer
V/ Gro Oddny L. Helle

Sendt fra min iPhone

11. okt. 2019 kl. 09:50 skrev Runar Flåt Granheim <Runar.Granheim@setesdal.no>:

Hei,
Syner til klage motteken 23.09.2019. Klagesaker vert normalt handtert politisk, på styremøte i Setesdal regionråd.
Ynskjer du det, eller ynskjer du «berre» ei forklaring på korleis vi vurderte søknaden dykkar?

SETESDAL REGIONRÅD

Med venleg helsing
**Runar Granheim**
Rådgjevar Regionrådet

**E** Runar.Granheim@setesdal.no
Setesdal regionråd Kommunehuset 4747 Valle
**E** post@setesdal.no | T 48 20 36 64 |
M

Org nr: 981 543 556
- eit samarbeid mellom kommunane Bykle | Valle | Bygland | Evje og Hornnes **www.setesdal.no**

**Fra:** Gro Oddny Helle (grooddnyhelle@gmail.com)
**Sendt:** 23.09.2019 22.06.57
**Til:** Post - Setesdal Regionråd
**Kopi:** steinar@kyrvestad.no; Runar Flåt Granheim

**Emne:** Klage på vedtak.
**Vedlegg:**

Setesdal Regionråd
Postboks 4
4746 VALLE
(post@setesdal.no)

Klage på vedtak om støtte til bakeri på Helle. (ref. nr. 2019/31 - 4)

Syner til administrativt vedtak av 03.09.2019. Vedtaket fekk eg 18.09. 2019 på alt inn.

Eg er takksam for at eg har fått støtte på kr.75.000,- til tiltaket mitt. Grunngjevinga mi for å klage er at Setesdal Regionråd opererer med ulike satsar på støtte, utan at det vert grunngjeve.

Eg er kjend med at ein nyoppretta landhandel i Valle sentrum har blitt tildela eit tilskott frå Setesdal Regionråd som tilsvarar ei støtte på mellom 15 og 16 % av kostnadsoverslaget. I mitt tilfelle vert støtta kring 5% av kostnadsoverslaget. Mitt konsept er og sal av lokal tradisjonsmat t.d lefse, flatbrau og gombe. Vi skal og foredle og selje eigne lam. Difor er og ei eiga røykstoge med i planen.

I kommuneplanen for Valle legg ein opp til eit breitt og inkluderande næringsliv, der kultur og handtverk står sterkt. Dette håper eg og er gjeldane for Setesdal Regionråd.

Til slutt: Klaga er basert på den ulikhandsaminga eg meiner eg i dette tilfelle er utsatt for. Me synes at me i det minste fortener ei forklaring på den ulike handsaminga. Ein søknad får mellom 15 og 16 % støtte me får 5% støtte.

[illegible]

Beste helsing

Gro Oddny Helle
Helle 23.09 2019

Sendt fra min iPhone

GRO ODDNY HELLE
c/o Helle Setesdalsvegen 3194
4748 RYSSTAD
E-post:

Setesdalsamarbeid
Bykle, Valle, Bygland,
Evje og Hornnes

| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
|---|---|---|
| 2019/31-4 | runar.granheim@setesdal.no | 03.09.2019 |

Delegasjonssaknr.:

# Svar på søknad om støtte til bakeri på Helle

Syner til søknad datera 04.07.2019, om støtte til bakeri på Helle. Investeringane er estimert å ligge på 1.500.000, inkludert ei røykstoge.

Det er positivt at du satsar innan lokalmat, og at du investerer for å kunne produsere meir straumlineforma og effektivt.

**Administrativt vedtak:**

I medhald av delegert fullmakt løyver dagleg leiar kr**. 75.000,-** i støtte til bakeri på Helle. Løyvinga kan gå til å dekke kostnader som skissert i søknaden, på bakgrunn av dokumenterte kostnader. Løyvinga dekkast frå regionalt næringsfond, ansvar 5303.

Ver grei å oppgje kontonummer for utbetaling. Vi ynskjer deg lukke til med denne satsinga.

Med helsing
Setesdal regionråd

Rita Hansen
dagleg leiar

Runar Granheim
rådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.*

**Klageadgang:**
De har høve til å klage på vedtaket. Klaga må sendast dagleg leiar i fondet innan 3 veker etter mottakinga av dette brevet. Klaga skal sendast Setesdal regionråd, Pb 4, 4747 Valle. Det må gå fram av klaga kva del av vedtaket de ynskjer å endre og kva for grunngjeving de har for klaga.

**Stadfesting av mottaking av løyving – ev utfyllande opplysingar:**
Vi gjer merksam på at vi rapporterar alle løyvingane frå regionalt næringsfond til Kommunal og regionaldepartementet og at det difor er viktig at du som mottakar gir ev. tilleggsopplysingar som trengst i høve EØS-regelverket, sjå nedanfor.

EØS-reglar for offentleg støtte og løyvingar frå regionalt næringsfond
Løyvinga er i høve reglar om bagatellmessig støtte, jf Kommisjonsforordning (EF) nr 1998/2006 av 15.des 2006 om bruk av EF-traktaten sin artikkel 87 og 88, publisert i EU Tidende 28.12.2006 nr L379. I følgje desse reglane kan støttemottakar / verksemd ikkje motta meir enn til saman 200 000 Euro over eit tidsrom på 3 rekneskapsår frå samlege støttekjelder. Tilbodet om løyving føreset at ei ikkje kjem i konflikt med denne regelen.

Verksemd eller støttemottakar er ansvarleg for at alle offentlege subsidier eller tilskott ikkje overstig 200 000 Euro (for tida ca 1,5- 1,6 mill NOK – avhengig av kronekursen) til saman i løpet av dei siste tre rekneskapsåra. Som støttemottakar må du sende skrifteleg eller elektronisk stadfesting på at det ikkje er motteke tilbod om annan bagatellmessig støtte i inneverande og de to føregåande rekneskapsåra – eller oppgie motteken støtte (beløp, støttekjelde, tidspunkt for tilbod). Ved eventuelle nye søknader om offentleg støtte (uansett støttekjelde) har støttemottakar plikt til å opplyse om tidlegare tilskott dei 3 siste rekneskapsår frå tilbodstidspunkt.

**Svar på tilbod om løyving - frist:**
Vi syner til tilsagnet om løyving med vilkår og reglane som er referert til EØS-regleverket. Vi ber om tilbakemelding og stadfesting på om du tek imot løyvinga – samt ev. opplysingar om støtte siste 3 år jf. EØS-regelverket.

Svar utbes innan ein månad får dato. Du kan svare elektronisk eller pr post.

**Fra:** Knut Sigurd Haugå (knut.sigurd.hauga@nlr.no)
**Sendt:** 24.07.2019 14.43.19
**Til:** Post - Setesdal Regionråd
**Kopi:**

**Emne:** Søknad Arne og Gro-Oddny Helle
**Vedlegg:** Arne og Gro Oddny Helle - Vedlegg søknad.pdf;Vedlegg kjøkkeninnreiing og -utstyr.pdf

Underteikna har hjelpt Arne og Gro-Oddny Helle med søknad om finansiering av bakeri på Helle i Valle kommune. Det er sendt tilnærma likelydande søknader til Innovasjon Norge, Valle kommune og med denne eposten også Setesdal regionråd. Vi rekner med at handsaminga vert koordinert.

Om ynskjeleg kan det og ettersendast kostnadsoverslag frå handverkarar og annan dokumentasjon.
Spørsmål kan rettast til underteikna, men aller helst direkte til søkarane.

Med helsing

**Knut Sigurd Haugå**
Rådgjevar økonomi, Norsk Landbruksrådgiving Agder
Sentrum 36, 4745 Bygland
Mobil: +4791360016
E-post: knut.sigurd.hauga@nlr.no
agder.nlr.no

Med vennlig hilsen

**Knut Sigurd Haugå**
Rådgiver økonomi, Norsk Landbruksrådgiving Agder
Sentrum 36, 4745 Bygland
Mobil: +4791360016
E-post: knut.sigurd.hauga@nlr.no
agder.nlr.no

Motteke 8/7-19 GMH

Gro Oddny L. Helle
Setesdalsvegen 3194
4748 RYSSTAD

Helle 4-7-19

Setesdals Regionsråd
Postboks 4
4747 VALLE

Søker med dette om tilskudd til nytt bakeri på Helle. Dette er eit godt tilbod til innbyggarane i kommunen, samt turistnæringa om å få kortreist mat av f.eks lefser, brød, gombe osv. Dette blir og eit bakeri som leverer alt av kaker til bryllup og fest. Det er og mange planer i dette prosjektet retta mot alle typer tilstelninger.

Vi vil og sette opp røykebu, og videreforedle det me produserer på garden, som er eit sauebruk med ca 60-70 vinterfora sau, og ein årsproduksjon av ca 120 lam.

Håper dette blir sett på som eit godt og nyttig prosjekt, og håper Setesdals Regionsråd ser positivt på dette.

Legger ved eit vedlegg som og vart nytta til søknad til Inovasjon Norge og Valle kommune.

Mvh
Gro Oddny L. Helle.